

# Ógnir for slikt

Kommunedelplan for  
kulturmiljø

2021-2032, Kvinnherad kommune





Gurine  
Foto Bjarne  
Øymyr

## Syn for slikt

Om du har syn for slikt  
skal du finna  
far etter menneske gjennom dalen  
for oss

med blod og mott på hendene  
og auge lyfte mot stjernerne  
for oss

Kåre Skaala

## FØREORD

Kulturminne, stadidentitet, trivsel og samfunnsutvikling

Vi skal trivast på dei stadane vi bur. Livskvalitet og helse er avhengig av at vi har det bra i kvardagen. Vener og kjende, aktivitetar og tilbod der vi bur er sjølvstekt, men òg sjølv staden i seg sjølv betyr mykje. Vi talar om staden sin identitet. Stadidentitet er forståinga og opplevinga vår av ein stad. Stadidentitet kan variera frå person til person fordi vi er knytt til ein stad på ulike vis. Opplevinga og forståinga vår av staden som knyt den til landskapet, er gjerne noko vi deler.

Landskapet i bygdene er kulturlandskap. Dei gamle ferdselsvegane, steingardane, dei gamle bygningane, tuftene, styvingstrea og tuna bidreg alle til forståinga vår av ein stad, historia vår og kjensla vår av å høyre heime ein stad. Også dei nyare kulturminna, dei vi hugsar frå eigen oppvekst, dei som har prega liv og sysselsetjing til generasjonen rett før oss, gjev ei kopling mellom staden, tradisjon og plassen vår i verda. Trivsel heng saman med å kjenna seg heime, både i omgjevnadane og i historia.

Ein stad med tydeleg identitet, der historia har forma omgjevnadane til eit leseleg, stadeige uttrykk – og der folk trivst – er òg ein attraktiv stad å vitja for tilreisande. Ein stad som er brukande og triveleg for dei som bur der, og som trekk til seg tilreisande, er ein stad med gode høve for utvikling og vekst. Kulturminna er i denne samanhengen uvurderlege. Kulturminna spelar ei eineståande rolle, men

ofte av det slaget ein ikkje forstår før dei forsvinn. Slik er det gjerne òg med dei identitetsgjevande sidene av dette, dei glir i eitt med, og vert staden sin bakgrunn. Ein tenkjer ikkje så mykje på dei. Ikkje før dei forsvinn. Då endrar staden seg heilt, og identitet, særpreg og det som elles høyrer staden til, vert endra.

*I kulturminnelova, § 1, står det: Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning, som vitskapleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.*

Kulturminne er ikkje ein fornybar ressurs. Om vi ikkje tek vare på kulturminna forsvinn dei. Skal utviklinga framover vera berkraftig, må vi ta vare på kulturminna. Vi må ta vare på dei for at det skal vera godt å leva her, for miljø, for at folk skal halda fram å bu i kommunen vår, og for at bygdene og tettstadane her skal vera gode stader å koma til. Å ta vare på kulturminna er viktig for bygdene våre, for trivsel, for folkehelse, for turisme – og soleis på alle måtar lønsamt for samfunnet vårt.

Takk til alle som har bidrege til planarbeidet med innspel, merknadar og anna!



Rekkjetunet på Eikenes

# INNHALD

---

<b>1. INNLEIING</b>	<b>7</b>		
<b>2. HANDLINGSPLAN</b>	<b>7</b>		
2.1. Langsiktige mål og prioriteringar av kulturminne	8		
2.2. Handlingsplan for dei neste fire åra	8		
2.3. Oppfølging av kulturminnearbeidet gjennom økonomiplan	9		
2.4. Forklaring av kodar brukt i handlingsplanen	9		
Handlingsplan	10		
<b>3. PLAN OG PROSESS</b>	<b>13</b>		
3.1. Føremål	14		
3.2. Målsetjing for planarbeidet	15		
3.3. Planprosess	16		
3.4. Definisjonar og klargjering av omgrep	18		
3.5. Grunnlag for planen	19		
3.6. Kvifor er kulturminne viktig	20		
3.7. Aktørar og roller i kulturminneforvaltinga	21		
<b>4. MÅL OG STRATEGIAR</b>	<b>22</b>		
4.1. Overordna mål for alle kulturminne og kulturmiljø	23		
4.2. Strategiar og verkemiddel - vegen til målet	27		
4.3. Prioriteringar – val	27		
4.4. Innsamling av informasjon og kunnskapsgrunnlag	28		
<b>5. STATUS OG UTFORDRINGAR MED KULTURMINNE OG KULTURMILJØ</b>	<b>29</b>		
5.1. Automatisk freda	31		
5.2. Vedtaksfreda kulturminne og kulturmiljø	33		
5.3. Forskriftsfreda kulturminne	35		
		5.4. Oppheva freding	36
		5.5. Fjerna kulturminne (gjeld automatisk freda kulturminne)	36
		5.6. Kommunalt verneverdig	36
		5.7. Listeføring	37
		5.8. Kulturminne som inngår i freda kulturmiljø	38
		5.9. Kulturlandskap og landskapsvernområde	39
		5.10. Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse – Rosendal	40
		<b>6. TEMA OG PRIORITERTE KULTURMINNE</b>	<b>41</b>
		6.1. Arkeologiske kulturminne	43
		6.2. Kulturminne i nyare tid	45
		6.3. Immaterielle kulturminne	53
		6.4. Kart	54
		<b>7. VERDISETJING OG PRIORITERING AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ</b>	<b>55</b>
		7.1. Klassifisering og registrering av kulturminne	56
		7.2. Vernekriterium	56
		7.3. Vekting og verdsetjing av verdiane	58
		7.4. Prioritering	59
		<b>8. OPPFØLGING</b>	<b>60</b>
		8.1. Verkemiddel i kulturminneforvaltinga	61
		8.2. Retningsliner for forvalting	65
		Litteraturliste	68

## SAMANDRAG

Kulturminne er viktige spor frå fortida, men òg ein stor del av vår levande samtid. Kulturminne er ein del av identiteten vår og er med på å gje oss tilhøyrsløse i notida, og gjev karakter til miljøet rundt oss. Slik er det viktig at kommunen som offentlig myndigheit vernar om kulturminna våre. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje fornybare ressursar, dei vert tapt for alltid dersom dei vert øydelagde eller fjerna. Gjennom historia har det vore mest vanleg å verna monument og praktbygningar som til dømes kyrkjebygg. I dag vert det lagd meir vekt på å bevare kulturmiljø og kulturminne knytt til vanlege menneske sine liv og virke. Kommunedelplanen tek utgangspunkt i at kulturminne er ein ressurs her og no, og ein ressurs vi forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss.



Lars Skåla,  
ca. 1900.  
Foto Andreas  
Elias Røvde

Arbeid med kommunedelplan for kulturmiljø har handla om å samla inn relevant kunnskap, systematisera og tolka denne kunnskapen, framstilla den i tekst og på kart, avklara metodikk for verdsetjing og gje ei heilskapleg framstilling av dette i plandokumentet. På bakgrunn av kunnskapen vi har tileigna oss i planprosessen må vi vurdera verdiane. Vi kan ikkje ta vare på alt, men vi må ta medvitne val om kva som er viktig å ta vare på. Slik kan vi sikra ei heilskapleg forvaltning av Kvinnherad kommune sine kulturminne.

Grunnlaget for planen er det vedtekne planprogrammet frå 2015. Dette planprogrammet, i lag med ynskje og mål frå regionale og nasjonale kulturmyndene, er grunnlaget for planarbeidet. Planen er utforma som ein kommunedelplan som skal handsamast av Levekårsutvalet og vedtakast av Kommunestyret. Planen vert eit politisk dokument, ein arbeidsreiskap for kommunalt tilsette og ei kjelde til hjelp og rettleiing for alle innbyggjarane i kommunen.

Planen skal leggjast ut som ei nettside under «Kvinnherad2050». Sida skal innehalda

heile kommunedelplanen, filmane som er laga, informasjon om kulturmynde med kontaktpersonar, og informasjon om kvar ein kan søkje om tilskot. Det skal vera ei side for alle - med informasjon, oversikt over kulturminne, lenkjer til Kulturminnesøk, SEFRAK-registeret, den kommunale biletbasen, kart og anna. Kommunedelplanen skal soleis vera ein levande plan. Sjølve plandokumentet skal reviderast kvart fjerde år. Planen sin handlingsdel viser korleis planen skal følgjast opp, og denne skal rulle- rast årleg.

Handlingsprogrammet for dei neste fire åra er viktig. Handlingsdelen er kopla til planen sine mål, strategiar og prioriteringar. Planen omhandlar vidare ein gjennomgang av dei viktigaste formene og typene av kulturminne i kommunen, ein gjennomgang av kulturminnefeltet og ein oversikt over korleis planen skal følgjast opp.

Kommunedelplanen skal ta føre seg kulturminne frå dei tidlegaste tider og fram til vår tid. Hovudvekta ligg likevel på faste kulturminne frå nyare tid. Vi har ganske mange slike kulturminne i Kvinnherad, og mange

er alt registrerte. Men, vi manglar ein del informasjon, og nye registreringar må til for å få ei god oversikt over kulturminna frå nyare tid.

Det er kome innspel til planen frå lag og foreiningar, frå lokale ressurspersonar, og ein har henta informasjon frå ulike kjelder. All informasjon er teke omsyn til i planen, men ikkje alt er teke konkret med i planen eller handlingsprogrammet. Planen skal følgjast av eit kunnskapsgrunnlag som vert oppdatert kontinuerleg.

Planen skal vera ei hjelp til forvaltning av kulturminna, og då hovudsakleg dei faste kulturminna som ikkje har eit automatisk vern. Planen skildrar kulturminna, men med fokus på funksjon, tilstand og den rolla dei kan spela i utviklinga framover. Det gjeld historia slik ho vert aktualisert i samfunnsutviklinga vidare.

For å sikra kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel.

## 1. INNLEIING

Innleiinga til denne kommunedelplanen er ein film. Ein film der ordførar Hans Inge Myrvold samtalar med leiar for Kvinnherad Ungdomsråd, Hanna Tvilde, direktøren for Sunnhordland museum, Linda Øen og dagleg leiar for Sunde kyst- og litteratursenter, Kjell Magne Stråbø. Dei samtalar om kva kulturminne er, kvifor vi skal ta vare på dei, og korleis det kan gå føre seg. Dei samtalar om kva denne kulturminneplanen skal vera, kven den skal vera for, og korleis den er meint å vera starten på vidare arbeid med kulturminne. Ordføraren representerer Kvinnherad kommune, Hanna Tvilde representerer råd og ungdommane våre, Linda Øen representerer det regionale museet med Halsnøy kloster, og Kjell Magne Stråbø representerer friviljuge og vern ved bruk.

Kulturminne er vår felles hugs. Det har budd folk i landet vårt i ti tusen år, og alle har sett spor etter seg. Dei spora kan vera veldig viktige for oss som lever i dag, å finna fram til, utforska og kjenna til. Kulturminne handlar òg veldig mykje om identitet, kven er vi og kvar kjem vi frå? Kva kan vi vera stolte av? Denne planen skal no formidla kva vi har av kulturminne og korleis vi ynskjer å jobba med dei. Ofte er det slik at folk veit kvar Rosendal er, fordi dei har høyrte om Baroniet, og mange har høyrte om klosteret. Men det er òg mange kulturminne vi ikkje veit så mykje om, og denne planen skal vera med å gi oss informasjon om desse. Kulturminne kan vera med å skapa gode fellesskapsprosjekt og møteplassar, som både har ein folkehelseverdi og ein sosial verdi, og vera identitetsskapande. Så no håpar vi at denne planen når ut til alle og vert ein dynamisk plan som skal leva med oss vidare.

Denne kulturminneplanen skal vera ein langsiktig plan for korleis vi skal forvalta, formidla og verna om kulturminna våre i åra som kjem. Den skal òg vera handlingsplanen for den komande planperioden dei neste fire åra. Når dei fire åra er gått, skal alle prosjekta

vera ferdige. Nokon av arbeidsoppgåvene skal vidareførast til neste planperiode, og nokon skal kanskje utviklast vidare. Denne kommunedelplanen er meint å vera starten på eit meir aktivt arbeid med kulturminne i Kvinnherad, som ein del av kommuneplanen «Kvinnherad2050».

Kommunedelplan for kulturmiljø 2021-2023 skal vera ein aktiv, digital plan som skal vera tilgjengeleg for alle på ei nettside, knytt til kommuneplanen. Når eit prosjekt er ferdig, vil det verta presentert som ei nyhende med bilete og tekst. Ein vil òg finna informasjon om forvaltning av kulturminne, vegleiarar, filmar, og ikkje minst det som skal bli kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet med kulturminne i Kvinnherad.

Arbeidet med denne planen har gått føre seg i «koronaens tid», med dei moglegheitene og avgrensingane det har ført til. Mange møter har vorte avlyste, folk har hatt telefonsamtalar, Teams-møter, og kanskje møta har gått føre seg ute. Det har òg vore fleire synfaringar enn vanleg i samband med denne planen. Og sist, men ikkje minst, har avisene i kommunen vår hatt mange artiklar om kulturminne. Alt dette har til saman ført til at arbeidet med kulturminne vert ført vidare, tufta på innspel og kunnskap som har vorte samla. I tida som kjem vil nye innspel koma til, meir kunnskap og fleire prosjekt. Utvikling, nye idear og formidling vil gje grunnlag for at fleire får augo opp for verdien av kulturminna våre og historiene som er knytt til dei. Slik vil kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa vi har, verta ein del av ei berekraftig utvikling som vil gjera bygdene i Kvinnherad levande og trivelege å koma på besøk til.

Med bakgrunn i folkehelse og FN sine berekraftsmål vil kulturminnearbeidet vårt vera med å leggja til rette for grøne, friske og attraktive bygder i Kvinnherad. Kvinnherad kommune skal ta vare på kulturarven i samsvar med utviklinga i åra som kjem.



24. september 2011. Landsetting med to gravemaskiner, gio, mykje dugnadsfolk og tusen gode råd. Foto Bjarne Øymyr.

## KAPITTEL 2

# Handlingsplan

Det er mange kulturminne i Kvinnherad som vi skal ta vare på og verna. Det er kulturmiljø, kulturlandskap og landskapsvernområde som er viktige for kulturen vår, ikkje berre lokalt, men og regionalt og nasjonalt. Innsamla innspel og kunnskap, bilete og filmar er grunnlaget for det vidare arbeidet med kulturminna i Kvinnherad og skal bli ein base for kunnskap, og for vidare arbeid med kulturminne.



Baroniet i  
Rosendal Foto  
Kvinnherad  
kommune



Prestanaustet  
Foto Kvinnherad kommune

### 2.1. LANGSIKTIGE MÅL OG PRIORITERINGAR AV KULTURMINNE

Den langsiktige planen for å ta hand om, verna og formidla kulturminna i Kvinnherad følgjer kommuneplanen «Kvinnherad 2050». Målet for denne perioden er at Kvinnherad kommune skal ta vare på kulturarven i samsvar med utviklinga i åra som kjem.

Ein bør tenkje utvikling, trivsel, tradisjon og oppleving når ein arbeidar med mål for kulturminne. Vi skal vete at vi har ansvaret for kulturminna våre, for kulturmiljøa og for kulturlandskapa våre. Vi skal verna for bruk og formidling, men òg for kulturminna si eiga skuld.

Det er ein trend i tida at ansvaret for kulturminne i større grad vert overført til regionale og lokale kulturmynde. Det er å venta at kommunane etter kvart skal ta fleire avgjersler, og gjera fleire vedtak om eigne kulturminne. Ein kommunedelplan med eit godt kunnskapsgrunnlag, med årlege oppdateringar og rettingar, og med revisjon i kvar planperiode vil gjera kommunen stødig og sikker som kulturforvaltar og kulturmynde. Kvinnherad kommune er i stand til å gjera eigne vurderingar om kulturminne og kulturmiljø.

### 2.2. HANDLINGSPLAN FOR DEI NESTE FIRE ÅRA

Handlingsplanen for dei neste fire åra er eit resultat av arbeidet med denne kommunedelplanen for kulturmiljø. Det er eit utval og ei prioritering av kulturminna basert på kommunen sine behov, i tillegg til innspel og det ein har samla inn av kunnskap. Handlingsplanen er sett opp som ein tabell, og er kjernen i kommunedelplan for kulturminne.

Dei store registreringane av kulturminne i Riksantikvarens sin database Askeladden og SEFRAK-registeret har vore viktige. Historiebøker, bygdebøker, hefter og andre nedskrivne historier er òg viktig for kunnskapsgrunnlaget for denne planen. Det har vorte laga filmar og spelt inn lydfiler om kulturminna våre, som inspirasjon og som ein måte å formidla kunnskap om kultur-

minne på. Og ikkje minst er innspela som er komne inn til planen frå lag og foreiningar og privatpersonar viktige for å få til kunnskapsgrunnlaget.

Prioriteringane gjort i handlingsplanen for dei neste fire åra er også gjort etter gjeldande råd og reglar frå Riksantikvaren, og føringar frå kulturmynde nasjonalt og regionalt. Dette omfattar prosjekt som er i gang, både private restaureringsprosjekt, og prosjekt i regi av lokale ressurspersonar.

Handlingsplanen omfattar dei to største og mest kjende, kulturminna våre, Baroniet Rosendal og Halsnøy kloster. Desse har nasjonal verneverdi. Det er viktig å løfta fram desse i ein plansamheng, fordi dei skapar stor lokal og regional identitet, og har store ringverknader for næringer, trivsel og tilhøyrse.



### 2.3. OPPFØLGING AV KULTURMINNEARBEIDET GJENNOM ØKONOMIPLAN

Kvinnherad kommune vil gjera arbeidet med kulturminne, kulturmiljø og landskap til eit viktig politisk område, mellom anna gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Ein bør òg bruka økonomiske tilskot målretta og prioritera tiltak som stimulerer til aktivitet og engasjement rundt kulturminne.

Kvinnherad nyttar ulike økonomiske midlar for å formidla og sikra kulturarv. Dette kan vera tilskot til eigarar av kulturminne, tilskot til friviljuge organisasjonar, fritak frå eigedomsskatt, bruk av SMIL-midlar, friluftsliv- og folkehelsemidlar og lokale prosjekt til Den kulturelle spaserstokken. Kulturminnetiltak må sjåast i samanheng med andre viktige samfunnsområde, mellom anna brannsikring, folkehelse, friluftsliv, skule, reiseliv, land-

bruk, og natur- og klimatiltak.

Kvinnherad kommune gjer dette i dag. Friluftslivprosjekt er sett i gang om kulturarv og kulturminne. Kommunen arbeidar tett med kulturinstitusjonane, friviljuge lag og foreiningar og private om Den kulturelle skulesekken, og Den kulturelle spaserstokken. SMIL-midlar vert delt ut til fleire ulike kulturminneprosjekt.

Kommunedelplan for kulturmiljø sin handlingsdel med tiltak skal reviderast årleg og koplast til kommunen sin økonomiplan (jf. plan- og bygningsloven § 11.2). Prosjekta i handlingsdelen må difor sjåast i samanheng med økonomiplanen. Handlingsplanen prioriterer innsatsen på kulturminnefeltet, medan det er gjennom økonomiplanen at midlar til prosjekta vert fordelt. Det er naturleg å bruka ressursar både i form av tilskot og støtte, i form av arbeidsinnsats, og i form av samarbeid.

### 2.4. FORKLARING AV KODAR BRUKT I HANDLINGSPLANEN

For at det ikkje skal bli for mykje tekst i tabellen i handlingsplanen er det naudsynt med ei forenkla koding av måla. Ein vil finna att desse måla i kapittel fire. I handlingsplanen for dei neste fire åra under "Mål" vil det som eksempel stå: Fjelberg Prestegard: Mål: 1.B. Dette viser då til kapittel 4 mål, 1.B som er «*Auke forståing for verdien av freda kulturminne, og styrkja interesse og ansvarskjensle for freda kulturminne*» under avsnitt 1 "Kulturminne som har vern gjennom kulturminnelova".

PRI-ORITERING	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	MÅL	STRATEGI	VERKEMIDDEL	TILTAK	ANSVAR	EIGAR	FERDIGSTILLING
1	BARONIET ROSENDAL	1: B. 2: A, B. 6: B. 7: A, B.	Løfte fram Baroniet i Rosendal som nasjonalt kulturminne med stor betydning for Vestland fylke og Kvinnherad kommune.	Samarbeid med Kvinnherad kommune og andre kulturmynde.	Årleg dialogmøte med Kvinnherad kommune innan 1. juni	Direktøren for Baroniet i Rosendal, Ordføraren og kommunedirektøren i Kvinnherad kommune	UIO, Weis Rosenkronske stiftelse	Årleg
2	BARONIET ROSENDAL	3: C, D, F. 5: A	Auke samspel mellom natur og kultur, landbruk og turisme, og formidle historia i området i ved bruk og opplevingar.	Styre straumen av turgåarar med skilting og merking. Stien blir delvis tilettelagt for rullestolbrukarar.	Oppruste turstien rundt Hattenergfossen, setje opp informasjonspunkt med skilt.	Prosjektgruppe	UIO, Weis Rosenkronske stiftelse, 87/11, 87/12.	2024
3	HALSNØY KLOSTER	1: A, 2: A, B. 6: B	Løfte fram Halsnøy kloster som nasjonalt kulturminne med stor betydning for Vestland fylke og Kvinnherad kommune.	Samarbeid med Kvinnherad kommune og andre kulturmynde.	Årleg dialogmøte med Kvinnherad kommune innan 1. juni	Dagleg leiar	Sunnhordland Museum	Årleg
4	HALSNØY KLOSTER	1: B. 2: B, C. 6: B. 7: A, B	Opplevingar med kulturell og historisk verdi, og samspel mellom natur og kultur skal bidra til å utvikle området og formidle historia til Halsnøy Kloster.	Leggje til rette for besøkande til nøkkelstaden Halsnøy kloster i samband med kystpilegrimsleia.	Avtale om kystpilegrimsleia, tilgjengelegheit til kommunal kai og skilting.	Dagleg leiar/Sunnhordland Museum/Kvinnherad kommune	Sunnhordland Museum	2022
5	FJELBERG PRESTEGARD	1: B, C. 2: B, 3: C, D. 5: A, B.	Løfte fram og synleggjere Fjelberg prestegard, og leggje til rette for fleire tilreisande.	Samarbeid med lokalt næringsliv, andre som jobbar med kulturminne.	Dagleg drift av ein kafe. Oppdatere og fornye nettsider. Betre og meir marknadsføring.	Dagleg leiar	Stiftelsen Fjelberg Presegard v/dagleg leiar	Årleg
6	SUNDE KYST- OG LITTERATURSENTER	3: B, C, D, F. 5: A, B. 6: A	Auke kunnskap om kystkultur, og formidle denne gjennom arrangement og litteratur. Gi opplevingar og tilhøyrgheit, formidle lokal historie.	Byggje ferdig Bergslagen, som er bygningen, og restaurere og gjere i stand området rundt. Planleggje kulturarrangement, kurs og seminar med utgangspunkt i kystkultur og litteratur.	Byggjesteg 2 med ferdigstilling av huset i Bergslagen, kai og uteområde.	Stiftinga Sunde kyst- og litteratursenter	Stiftinga Sunde kyst- og litteratursenter	2022

PRI-ORITERING	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	MÅL	STRATEGI	VERKEMIDDEL	TILTAK	ANSVAR	EIGAR	FERDIGSTILLING
7	BÅTBYGGAR- VERKSTADEN RAMSGRØ GARD	3: C, D, F. 5: A, B. 6: A.	Formidle lokal båtbyggjar- og kystkultur i ein sjeldsynt verkstad.	Leggje til rette for vern ved bruk, og for vidare drift som ei framtidig attåt- næring.	Totalrenovering av båt- byggerverkstaden.	Hilde Solli og Tommy Søllesvik	Hilde Solli og Tømmy Søllesvik	2024
8	STAMPE OG KVEDN I OMVIK	3: F. 5: A, B. 6: A	Sikre sjeldsyng kultuminne og vern av dette. Formidle landbrukshistorie omkring kvedn, vern ved bruk i for- midlingssamanheng.	Restaurering og flytjing av kvedna og stampa i Omvik.	Flytje og restaurer kved- na og stampa i Omvik.	Omvik Stampe- og kvednalag	Lars Johan Omvik, gnr. 98, bnr. 2.	2023
9	GURINE	2: A, B. 3: F. 5: A, B. 6: A	Formidle kystkultur, segling og kunnskap om båtbyg- ging. Formidling av kyst- kultur og segling til barn og unge.	Formidle historia og byg- ginga av Gurine. Kulturar- rangement, kurs og seminar om båtbygging, kystkultur og lokal historie.	Arbeide for at Gurine kan bli med i den kul- turmelle skulesekken. Bygging av kultursenter i Gurinefjoro.	Venelaget Gurine	Venelaget Gurine	2023/2024
10	GRUVEINDUSTRI ØLVE	2: B, 3: B, C, D, F: A, B. 6: A.	Synleggjere og formidle his- toria om tidleg insustri og gruveindustri.	Bakstehellebrotet i Fugle- bergåsen og gruvene i Dalen og Attramadal er besøksmål i Geoparken. Samarbeid med Geopark Sunnhordland.	Skilting til gruver og bakstehelletbrotet i Ølve. Behov for sikring må vurderast.	Kulturnemnda i Ølve v/Eva Røyrane	Diverse grunneigarar	2024
11	STADNAMN- REGISTRERINGAR	3: D, F. 5: B.	Digitalisering av stadnamn på kart for Kvinnherad kommune.	Kartfesting av stadnamn, og vidareføring av desse frå økonomisk kart og NVE sine kart over 500 m.o.h. til digitale kart/kom- mune kart.	Digitalisering av stad- namn i Kvinnherad. Registrering av desse stadnamna på kom- mune kart. Innlegging av lydfiler med lokal uttale av stadnamna.	Sektor Samfunnsu- vikling	Kvinnherad kom- mune	2024
12	STADNAMN, RETTINGAR OG REGISTRERINGAR	3: D, F. 5: B.	Formidling av gamle stadn- amn i Kvinnherad.	Samarbeid lokale lag og ressurspersonar om arbeid med vurdering, nedskriving og registrering.	Nedskriving og retting av gamle stadnamn, og rett registrering på kart.	Kvinnherad sogelag	Kvinnherad sogelag	2024

PRI-ORITERING	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	MÅL	STRATEGI	VERKEMIDDEL	TILTAK	ANSVAR	EIGAR	FERDIGSTILLING
13	PRESTANAUSTET I ROSENDAL MED TILHØYRANDE STATLEG SIKRA FRILUFTSOMRÅDE.	3: A, D, F.	Sikring av lokalt naust i Rosendal, med stor lokal historisk verdi.	Påtrykk frå lokale kulturinteresserte personar og foreningar, for å restaurering og vedlikehald.	Restaurering av naust og tak, sikring av naustet med liggjande panel. Måling av naustet. Plan for årleg skjøtsel og vedlikehald.	Sektor Samfunnsutvikling	Kvinnherad kommune	2021, årleg.
14	VEGLEIAR FOR KULTURMINNE I PLAN- OG BYGGJESAKER	4: A, B, C. 7: A, C, D. 8: A, B.	Lag ei vegleiing for dokumentasjon, innhenting av dette og for sakshandsaming av kulturminne i plan og byggesaker.	Lage rettleiingsmateriell og krav til kulturminnedokumentasjon frå tiltakshaver. Lage rettleiingsmateriell og informasjon for intern sakshandsaming.	Lage ei liste over krav til dokumentasjon i kommuneplan og tilhøyrande planverk. Setje av ressursar til å lage ein rettleiarar, i tillegg til evaluering og eventuell justering av denne. Informasjon/rettleiing til sakshandsamarar.	Sektor Samfunnsutvikling	Kvinnherad kommune	2022/årleg
15	STRATEGI FOR SAMLINGAR OG ARKIV I KOMMUNALT EIGE/ MUSEUMSSTRATEGI	3: D, F. 6: B. 7: C.	Lage ein oversikt over samlingane, med vurdering av behov for restaurering, skjøtsel, vern og formidling. Kome fram til løysingar som kan løfte fram og verne om samlingane.	Utarbeide ein plan for korleis ein på best måte kan ivareta, verne om og formidle kulturminna vidare, og på best moglege måte ta vare på arkiv, foto og teikningar.	Planprogram med framdriftsplan, prosjektgruppe, plan.	Sektor Samfunnsutvikling	Kvinnherad kommune	2024
16	KART	4: A, B. 8: A, B. 5: A.	Kartfesting gjennom registreringsprosjekt og i samband med utgreiing av plan- og byggesaker	Systematisering av kulturminnedokumentasjon i plan- og byggesakshandsaminga, feltregistrering av kulturminne, digitalisering av eksisterande registre	Sette krav til kulturminnedokumentasjon i sakshandsaminga, sette av midler til prosjekt for feltregistrering og digitalisering	Sektor Samfunnsutvikling	Kvinnherad kommune	2024
17	KUNNSKAPSGRUNNLAG	4: B, C. 5: A, B. 8: A, B.	Lage oversikt over verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Kvinnherad	Kontinuerleg prosess for å systematisere og katalogisere kunnskap om kulturminna i kommunen, i tillegg til å verdisette dei.	Oppretting av database for systematisering og tilgjengeleggjøring av kunnskap. Prosjekt for verdisetting av kulturminna til hjelp ved prioritering og sakshandsaming	Sektor Samfunnsutvikling	Kvinnherad kommune	Årleg



Restaurering av  
båtbyggerverkstaden på Ramsgrø  
gd. Foto Hilde Solli

## **KAPITTEL 3**

### Plan og prosess

Kulturminne er ein del av identiteten vår og er med på å gje oss tilhøyrse i notida og karakter til miljøet rundt oss.



Bergslagen Foto  
Kjell Magne  
Stråbø

### 3.1. FØREMÅL

Kulturminne er viktige spor frå fortida, men òg ein stor del av vår levande samtid. Kulturminne er ein del av identiteten vår og er med på å gje oss tilhøyrsløse i notida og karakter til miljøet rundt oss. Slik sett er det viktig at kommunen som offentlig mynde vernar om kulturminna våre. Kulturminne og kulturarv vert også brukt til turisme og verdiskaping. Studiar syner at sosiale relasjonar og lokal identitet er viktig dersom ein skal tevla med byane om å trekkja til seg og behalda arbeidskraft lokalt og regionalt. Ei medviten forvaltning av kulturminne som tek omsyn til vern, ivaretaking og formidling kan vera eit viktig tilskot i arbeidet med omdømebygging og å skapa lokal identitet. Kulturminne skapar engasjement og sosiale relasjonar. I Kvinnherad kommune er det store omfanget av restaureringsprosjekt eit vitnesbyrd om akkurat dette.

Gjennom historia har det vore mest vanleg å verna monument og praktbygningar som til dømes kyrkjebygg. I dag vert det lagt meir vekt på å ta vare på kulturmiljø og kulturminne

knytt til vanlege menneske sitt liv og virke.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje fornybare ressursar, dei vert tapt for alltid dersom dei vert øydelagde eller fjerna. Vi kan sjå at i dagens samfunn forsvinn kulturminne i auka grad, eller dei vert utsett for ulike typar skadar eller forfall. I pressområde er det ei vanleg problemstilling at historiske bygningar og miljø vert rivne for å gje plass til nye bygningar, medan andre stader vert prega av fråflytting og misser tradisjonelle næringar som gardsdrift og industri. Bygningar knytt til slike verksemdar står i fare for forfall dersom dei ikkje vert tekne i bruk.

*I Kommunedelplan for kulturminne i Kvinnherad kommune tek vi utgangspunkt i at kulturminne er ein ressurs her og no, men òg ein ressurs vi forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss.*

Arbeidet med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø har handla om å samla inn relevant kunnskap, systematisera og tolka denne kunnskap-

en, framstilla den på kart og avgrensa kulturmiljø, avklara verdien til kulturminna og kulturmiljøa, og gje ei heilskapleg framstilling av dette i plan-dokumentet. På bakgrunn av kunnskapen vi har tileigna oss i løpet av planprosessen må vi gjera verdivurderingar. Vi kan ikkje ta vare på alt, men vi må ta medvitne val på kva som er viktig å ta vare på. Slik kan vi sikra heilskapleg forvaltning av kommunen sine kulturminne.

Bygdebøker og anna dokumentasjon er nyttige kjelder til historia. Planen vert likevel ikkje noko bygdebok for Kvinnherad. Den skal vera ei hjelp til forvaltning av kulturminna, og då hovudsakleg dei faste kulturminna som ikkje har eit automatisk vern. Planen skildrar kulturminna, men med fokus på funksjon, tilstand og den rolla dei kan spela i utviklinga framover. Det gjeld historia slik ho vert aktualisert i samfunnsutviklinga vidare.

Planen tek føre seg kulturminne og kulturmiljø frå eldre til nyare tid. Tida før reformasjonen (1537) vert rekna som eldre tid,

medan yngre enn dette vert rekna som «kulturminne i nyare tid». Planen skal i første rekkje omfatta faste kulturminne og kulturmiljø. Det er også viktig at vi gjennom planarbeidet identifiserer sentrale område innanfor det immaterielle kulturminnevernet som det er naudsynt å fokusera på i framtida. Kommunedelplan for kulturminne omfattar heile kommunen. For å sikra kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel.



Bergslagen i  
gamledagar Foto  
Andreas Elias  
Røvde

### 3.2. MÅLSETJING FOR PLANARBEIDET

Kommunedelplan for kulturmiljø vil vera ein viktig del av ein heilskapleg kulturplan, og eit godt steg på vegen mot ein plan som dekkjer heile kulturfeltet.

Planprogrammet slår fast at planen bør innehalda følgjande hovudmoment:

- Betre oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunen
- Prioritering av særleg viktige kulturminne og kulturmiljø
- Handlingsplan for det vidare kulturminnearbeidet både med tanke på å ta vare på og å informera om

Hordaland fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune, skisserer følgjande utfordringar for kulturminnevernet i Hordaland:

- Høge tap av kulturminne i kommunane i Hordaland
- Kulturminnevern er lite tydeleg som fag og politiske vedtak i kommunane
- Manglande kulturminneplanar i mange kommunar
- Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar

Til grunn for arbeidet med kulturminneplan for Kvinnherad kommune skal også nasjonale målsetjingar leggjast til grunn:

- Det årlege tapet av verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstiga 0,5 prosent.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera verna innan 2025.
- Freda bygg, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2025.
- Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal ha plan for skjøtsel innan 2025.

FN sine berekraftsmål er også førande for planarbeidet, særleg dreier dette seg om delmål 11.4:

- Styrkja innsatsen for å verna om og sikra verdens kultur- og naturarv
- Skal ha ei skjøtelsplan innan 2025.



Restaurering av tak på Eikenes i Gjetingsdalen 2021. Foto Per Magne Eikenes

### 3.3. PLANPROSESS

Både det offentlege og kommunen sine innbyggjarar har eit ansvar for å ta vare på kulturarven vår på ein god måte. Som planmynde har kommunen ei sentral rolle i forvaltinga av kulturminna. Planleggingsprosessane i kommunen er arena for aktiv medverknad for innbyggjarane, kulturminneforvaltinga, foreiningar, historielag og andre interesserte.

Vedteken planstrategi for 2011-2015 slår fast at det skal utarbeidast Kulturminneplan for Kvinnherad kommune. Planen er utarbeida som ein kommunedelplan heimla i plan- og bygningslova §11-1 som ein tematisk delplan.

#### ORGANISERING

Arbeidet med planen har strekt seg over fleire år. Planprogrammet vart vedteke i 2016. I 2019 vart arbeidet noko omorganisert basert på endringa i kommunelova. Ny organisering har vore slik:

- Prosjekteigar: Kvinnherad kommunestyre
- Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune v/Sektor Samfunnsutvikling
- Prosjektansvarleg: Seksjonsleiar Samfunnsutvikling, Anbjørn Høivik
- Prosjektleiar: Kulturrådsgjevar, Anita Lykkja
- Konsulentbistand til delar av arbeidet: 3RW arkitekter

I tillegg har det vore sett ned ei prosjektgruppe med følgjande samansetjing:

- Prosjektleiar: Kulturrådsgjevar Anita Lykkja
- Avdelingsleiar Plan: Kjartan Thoresen
- Einingsleiar Bygg og eigedom: Knut Bjørgvik
- Museumsrådsgjevar ved Sunnhordland museum: Trine Kyvik
- Representantar for aktuelle friviljuge organisasjonar: Lars Børge Seeberg og Helga Skålnes



Kåre Skaala på stølen i Melsdalen.  
Foto: Anita Lykkja



## MEDVERKNAD

I ein planprosess skal dei som har ansvar og mynde etter lov og forskrift delta. Andre som har interesser i saka bør medverka med synspunkt og innspel. Planarbeid og vedtak om planar skal vera ein demokratisk prosess, og vedtak i kommunestyret er siste leddet i prosessen.

Vedtak om planprosess og kunngjering av oppstart med planarbeidet har vore ein invitasjon til å delta og å engasjera seg i arbeidet for dei som ynskjer det. Det har vore viktig å skapa arenaer for dei som har interesse i planen, kor dei kan møtast og utveksla tankar og idear. Her kan nemnast ulike møte, seminar og konferansar som dømer. Aktiv medverknad er ein føresetnad for retten til å koma med innspel og motsegner (jf. PBL § 5-5).

Planprogrammet og oppstart av arbeidet med kommunedelplan for kulturminne vart vedteke 26.11.2015.

Oppstartskonferansen i 2016 var starten for arbeidet. Grunna ulike omstende stansa planarbeidet deretter litt opp. Når ein så i 2019 starta oppatt arbeidet med å lage planen, planla kommunen ein inspirasjonsdag for innbedne ressurspersonar frå lag og foreiningar, i lag med representantar og leiarar frå Riksantikvaren, kulturminnefondet og Vestland fylke. Denne dagen skulle vera 15. april 2020, men vart avlyst grunna utbrotet av covid-19. I staden vart det produsert filmar som er nytta til inspirasjon og informasjon om arbeidet, samt sett i gang ulike covid-tilpassa informasjons- og medverknadsprosessar. Engasjement og medverknad har vore viktig i arbeidet med denne kommunedelplanen. Kontakt med frivillige lag, foreiningar og med ressurspersonar i kretsane og bygdene i Kvinnherad, har vore med å laga eit grunnlag for innsamling av innspel frå innbyggjarane i kommunen.

I 2020 vart det nytta “gjestebod” som metode for medverknad og innsamling av innspel til planarbeidet. Gjestebod er ein form for medverknad der føremålet er å få innspel til kommunedelplanen frå innbyggjarar som kanskje ikkje deltek på tradisjonelle temamøte, og som handlar om tema som vedkjem desse særskilt. Gjestebod skal nå alle uansett livssituasjon, etnisk bakgrunn, kjønn, alder og kvar dei oppheld seg. Gjestebod vert gjennomført utan kommunal deltaking, og går ut på at innbyggjarar inviterer gjester til å diskutera eit «oppdrag» gjeve av kommunen. Nokon av innspela til denne planen vart levert etter at det hadde vorte arrangert små gjestebod, medan dei fleste vart skrivne ned av einskilde lokalkjende personar, med kunnskap om kulturminne.

Avisene Grenda og Kvinnheringen har skrive om planarbeidet. Dei har òg skrive om ulike kulturminneprosjekt som har kome i gang etter kvart, og om andre aktuelle tema som omhandlar kulturminne og historie knytt til kulturminne. Dette har mykje å seia for å spreia interesse for kulturminne.



Gjestebod som innspel til planen. Kvinnherad kommune.

### 3.4. DEFINISJONAR OG KLARGJERING AV OMGREP

I kulturminnearbeidet vert det brukt mange omgrep som ikkje er ein del av dagleg språkbruk. Her følgjer ei kort oversikt over dei mest sentrale omgrepa i kulturminnearbeidet.

#### KULTURMINNE

Er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjon til.

#### KULTURMILJØ

Er område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

#### KULTURLANDSKAP

Kulturlandskapet er resultatet av samspelet mellom menneske og natur, er påverka av naturvilkår, samfunnstilhøve og historie.

#### AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Kulturminne som er direkte freda ved lov, utan særleg vedtak. Dette gjeld mellom anna faste kulturminne frå før 1537, samisk faste kulturminne eldre enn 100 år og ståande bygverk frå perioden 1537-1649 (jf: kulturminneloven §4).

#### FASTE KULTURMINNE

Er kulturminne som er jord- eller stadfaste. T.d. bygningar, bustadar, gravhaugar, m.m. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge det ligg i jorda eller under vatn.

#### LAUSE KULTURMINNE

Er alle typar gjenstandar som er lausrivne frå ein fast kontekst, t.d. gjenstandar som er kome for dagen ved arkeologisk utgraving.

#### IMMATERIELLE KULTURMINNE

Kulturminne som lever vidare, t.d. praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Det kan være eit handverk, historier, song eller dans.

#### KULTURARV

Samleomgrep for materielle og immateriell kulturminne.

#### FREDING

Vern etter kulturminnelova, anten automatisk, ved vedtak eller forskrift.

#### SEFRAK

SEFRAK-registrerte bygningar er bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariat for registrering av faste kulturminne i åra 1975-1995). I prinsippet omfattar registreringa alle bygningar som er bygde før 1900.

#### ASKELOADDEN

Askeladden er den nasjonale databasen med oversikt over kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller vurdert som verneverdig i ein kommunal kulturminneplan. Askeladden vert brukt av kulturminneforvaltinga.

#### KULTURMINNESØK

Kulturminnesøk er ei open nettside med informasjon om kulturminne og kulturmiljø. Dette er ei teneste frå Riksantikvaren, og vert driven av ein redaksjon. Informasjonen i Kulturminnesøk kjem frå Askeladden. Ein brukarprofil fører til at alle kan vera med å gje informasjon ved å leggja til kulturminne, bilete, lenkjer, videoar, og kommentarar.

#### LISTEFØRTE KYRKJER

Alle kyrkjer bygd mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er også listeførte. Listeførte kyrkjer vert handsama i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjing og vedlikehaldstiltak.

### 3.5. GRUNNLAG FOR PLANEN

Klima- og miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet. Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk.

Vestland fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå, og kan gjera vedtak om freding. Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Vestland fylkeskommune er det Avdeling for kultur, idrett og inkludering ved seksjon for Kulturarv som utfører det kulturminnefaglege arbeidet.

#### LOVER

Kulturminnelova og plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter er dei viktigaste verktøya for å kunna ta vare på mangfaldet av kulturminne, kulturmiljø og landskap. Også andre lover verkar inn.

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminne (kulturminnelova)
- LOV 2007-06-29 nr. 89: Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggjesakshandsaming (plan- og bygningslova)
- LOV 1995-05-12 nr 23: Lov om jord (jordlova)

#### NASJONALT NIVÅ

- NOU 2002: Fortid som formar framtid – Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk
- St.meld 26 (2004 – 2007) Regjeringa sin miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner
- St.meld 35 (2012 – 2013) Framtid med fotfeste
- St.meld 16 (2019–2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, berekraft og mangfald
- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Nasjonale forventingar gjeld mellom anna:

- Kommunane legg vekt på arkitektur og kvalitet i dei bygde omgjevnadene, og planlegg med utgangspunkt i særpreget til stadane, kulturhistoriske element og viktige landskapstrekk.

Fleire forventingar frå statleg hald er relevante å trekkja fram i denne planen:

- Auka verdiskaping og innovasjon basert på lokale ressursar
- Aktiv forvaltning av natur og kulturminneverdiar
- Identifisera og ta omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap
- Kvalitet i dei fysiske omgjevnadane
- Eldre busetnader og bystrukturar blir vurderte som ressursar i ein sirkulær økonomi

#### REGIONALT NIVÅ

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, vedteken av Hordaland fylkeskommune, gjeld framleis for denne delen av det nye fylket. Planen skal ut frå Plan- og bygningslova leggast til grunn både for verksemda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planen har ei grundig handsaming av kulturminnefeltet og er difor relevant i samband med Kvinnherad kommune sitt planarbeid.

Planen er tydeleg på at den kommunale kulturminneforvaltninga skal styrkjast:

*«Ei berekraftig kulturminneforvaltning føreset at kommunane handterer dette feltet. Mellom mange lovpålagde oppgåver i kommunane, vert kulturminne ofte sett på som eit perifert saksområde. I tråd med nasjonale målsettingar er det likevel viktig at ein i større grad gjer kulturminne til ressursar for lokal verdiskaping og samfunnsutvikling i heile Hordaland. Her er det behov for å støtta opp om lokal forvaltning, utvikling av kompetanse og styrking av den lokale eigarskapen. Formidling og tilrettelegging av kulturminne er ein del av denne oppgåva.»*

Planen set mellom anna opp desse måla som skal vera gjeldande for heile Hordaland:

- Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram.
- Styrkja dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er ein del av.
- Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkjast.
- Kulturminnevernet skal spegla nasjonal kulturminnepolitikk og finna gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar.

#### LOKALT NIVÅ

Dei vesentlege lokale føringar for arbeidet er å finna i følgjande dokument:

- Planstrategi 2015 – 2019
- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2000)
- Kommuneplanen sin arealdel (2018)
- Melding om kulturminnevernet i Kvinnherad kommune, 1987

Kommuneplanen - både areal- og samfunnsdel er for tida under rullering.

Planstrategi 2015 – 2019 slår fast at “Som del av arbeidet med kommunedelplan for kulturminne skal faste kulturminne og kulturmiljø i Kvinnherad kartleggast. Relevant kunnskap skal samlast inn, systematiserast og tolkast. Kunnskapen skal framstillast på kart og kulturmiljøa skal avgrensast. Verdien til kulturminna og kulturmiljøa skal avklarast og få ei heilskapleg framstilling.”

#### INTERNASJONALT NIVÅ

I tillegg til dei ulike nasjonale, regionale og lokale føringane for planarbeidet omhandlar også FN sine berekraftmål kulturminnefeltet. Berekraftmål nummer 11 omhandlar berekraftige byar og lokalsamfunn: Gjera byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige. For kulturminnefeltet konkretisert i delmål nummer 11.4 om å:

- Styrkja innsatsen for å verna om og sikra verdas kultur- og naturarv

### 3.6. KVIFOR ER KULTURMINNE VIKTIG

I kommuneplanen sin samfunnsdel vert det sagt følgjande om kulturminna: *“Dei gamle historiske spora er viktige, ikkje fornybare ressursar og difor ein vesentleg miljøfaktor i lokalsamfunnet. Det gjev ibuarane «røter» og identitetskjenne og aukar forståinga for eiga stode i livssyklusen, - tida som var og som kjem [...] Kulturminna er heller ikkje fornybare, og dei er økonomisk, kunnskapsmessig, kulturhistorisk og miljømessig verdifulle. Dei gjev viktig kunnskap om tilhøve mellom menneske og natur opp gjennom tidene, og gjev tidsmessig orientering innanfor ei historisk utvikling. Dei gjev identitet og kulturell forankring til generasjonane.”*

Historia vert skapt i ettertid. Innsikta syner ei trong for å verna mangfaldet av kulturminne slik at dei kan gje stemme til dei ulike historiene, og dimed eit representativt og inkluderande bilete av tida som har vore. Kulturminna peiker også framover. I møtet med ei framtid som vi ikkje veit kva bringer med seg, representerer kulturminna eit kulturkritisk element ved å minna oss om andre måtar å organisera samfunnet på og å nytta ressursar som finst rundt oss.

Kulturminne har ikkje berre verdi som kjelde til oppleving, kunnskap og identitet, dei kan også vera ein ressurs i kommunal og regional samfunnsutvikling. Formidling av kulturarv styrkjer staden sin identitet og særpreg, og kan nyttast i omdømebygging. Verdiskaping knytt til kulturarv er eit viktig kommunalt og regionalt potensiale. Kommunen har verkemidlar til å la kulturarven vera ein ressurs i samfunnsplanlegginga, og den grunnleggjande reiskapen er det kommunale planarbeidet.



Prydfuglhus i  
Rosendal Foto  
Kirsti Nordang

### **3.7. AKTØRAR OG ROLLER I KULTURMINNEFORVALTINGA**

#### **EIGAR SITT ANSVAR OG ROLLE (INKLUDERT OFFENTLEG EIGARSKAP)**

Eigarar av kulturminne er den viktigaste ressursen for eit godt kulturminnevern. Bruk og jamleg vedlikehald av bygningar og anlegg, sørgjer for at kulturminneverdiane vert ivaretekne. Mange eigarar nyttar egne ressursar i vedlikehaldsarbeidet og gjer mykje godt bevaringsarbeid for egne bygg og anlegg. Eigarar har eit formelt ansvar i samsvar med krav i lover og forskrifter, både etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.

#### **KOMMUNEN SI ROLLE**

Kommunen er vedtaksmyndigheit etter plan- og bygningsslova, og har eit lokalt ansvar for å ivareta kulturminneinteresser i plan- og byggjesaksbehandling. Sektor Samfunnsutvikling har fagkompetanse på kulturminne.

#### **RIKSANTIKVAREN**

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren greier ut og vedtek fredingar av

bygg og anlegg. Riksantikvaren er høyringsinstans for søknad om dispensasjon frå kulturminnelova, der det skal gjerast tiltak på kulturminne som går ut over ordinært vedlikehald.

#### **FYLKESKOMMUNEN**

Riksantikvaren har delegert ansvaret som regional fagmyndigheit for kulturminnevern til fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal syta for at det vert teke omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planlegginga, også på kommunalt nivå. Dette inneber ein motsegnrett i plansaker når regionale eller nasjonale verneverdiar er truga. Fylkeskommunen er høyringsinstans for alle arealplanar, og gjer ei vurdering dersom det er trong for arkeologiske undersøkingar innafor planområdet i medhald av Kulturminnelova § 9, som gjev pålegg om å undersøkje om tiltak som vert planlagd kan virka inn på automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen handsamar søknadar om dispensasjon frå fredingsvedtak. Vestland fylkeskommune gjev tilskot til verna kulturminne, som istandsetjing av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone, vern, eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi. Fylkeskommunen gjev også råd og

retteleiing om forvaltning knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

#### **KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET**

Departementet har ei overordna rolle som lovtolkar, og er øvste klageorgan for vedtak gjort av kulturminneforvaltninga.

#### **STATSFORVALTAREN**

Statsforvaltaren fører tilsyn med om kommunen overheld plan- og bygningslova sine føresegner, og at regionale og statlege fagstyresmakter, inkludert kulturminneforvaltninga, medverkar i kommunen sitt planarbeid. Dersom det er fremja motsegn til ein arealplan, har statsforvaltaren ansvar for samordning og eventuell mekling. Statsforvaltaren er også klageinstans for kommunale einskildvedtak av reguleringsplanar, samt i bygge- og delingssaker. Vidare har statsforvaltaren også motsegnkompetanse når det gjeld naturmangfald og landskapsomsyn.

#### **STATENS NATUROPPSYN**

Oppsynet er ein del av Miljødirektoratet og skal mellom anna kontrollera om kulturminnelova vert følgd. Statens naturoppsyn skal førebyggja miljøkriminalitet, rettleia og informera, samstundes som dei

kan driva skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Oppsynet har ei lita, men viktig utøvande rolle.

#### **KULTURMINNEFONDET**

Kulturminnefondet er eit lågterskeltilbod og ei reindyrka tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Kulturminnefondet vart oppretta av Stortinget i 2002 og er direkte underlagt Klima- og miljødepartementet. Tilskota skal bidra til å auka innsatsen frå eigarar og næringsliv - for å ta vare på kulturminne, bidra til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping, samt bidra til å støtta prosjekt der det er samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

#### **UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN**

Avdeling for kulturhistorie ved Fornminneseksjonen har ansvar for sakshandsaming og faglege undersøkingar av arkeologiske kulturminne i fylket. Seksjonen er også fagleg rådgjevar for Riksantikvaren, fylkeskommunen og andre instansar i kulturminnevernet. Museet gjev uttale om kulturminna sin kjeldeverdi basert på vitskaplege kriterium og forskingsstatus. Kjeldene vert ivaretekne

gjennom arkeologiske utgravingar. Undersøkingane vert utløyst når private og offentlege utbyggingstiltak kjem i kontakt med kulturminne. Universitetsmuseet i Bergens distrikt, som omfattar Vestland fylke og Sunnmøre.

#### **BERGENS SJØFARTSMUSEUM**

Bergens Sjøfartsmuseum har forvaltingsansvar for marine kulturminne innanfor fylket. Museet er eit av dei museum som vert kalla «vedkommende myndighet» etter Kulturminnelova § 14. Ved planar om inngrep i sjøbotn gjev museet uttale på vegner av fylkeskommunen. Om marine kulturminne kan skadast eller gå tapt som følgje av planane, gjennomfører museet undersøkingar for å finna ut om dette er tilfelle.

#### **SUNNHORDLAND MUSEUM**

Sunnhordland Museum er regionalt ansvarsmuseum for Kvinnherad. Museet er «minnebank» for heile Sunnhordland. Det vil seia at museet dokumenterer regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet tilbyr fleire rådgjevingstenester for innbyggjarane i regionen knytt til bygningsvern, samlingsdrift, formidling og ivaretaking.

#### **FRIVILJUGE, LAG OG INTERESSEORGANISASJONAR**

Det er ei rekkje friviljuge lag og organisasjonar i Kvinnherad som arbeidar for å spreia kunnskap om kulturarven og bevaring av kulturminne av alle slag. Desse gjer ein stor innsats med mellom anna registreringssarbeid, skilting, istandsetting og informasjonsarbeid. Organisasjonane omfattar mellom anna sogelag, turlag, idrettslag, bygdelag, lag som driv utvikling i lokalmiljøa, og andre.

#### **UTBYGGJARAR, PLANLEGGJARAR OG ARKITEKTAR**

Ved planlegging og utforming av private prosjekt og reguleringsplanar som verkar inn på kulturminne og kulturmiljø er det ofte planleggjarar, arkitektar og utbyggjarar som står for ansvaret. Då er det viktig at dei har god innsikt i gjeldande lovverk og rammer, og gode løysingar for utvikling av kulturminne. Eit godt samarbeid med kommunen og regional kulturminnemyndigheit er viktig i slike prosessar.



Jensa Marto på  
Kjeldestølen  
Foto Andreas  
Elias Røvde

## **KAPITTEL 4** Mål og strategiar

Kvinnherad kommune skal ta vare  
på kulturarven i samsvar med  
utviklinga i åra som kjem.

#### 4. MÅL OG STRATEGIAR

Denne planen skal omhandla kulturminne frå eldre og nyare tid. Den skal formidla kunnskap om kulturminne og kulturlandskap som ressurs til opplevingar og bruk. Formidling av kulturminne og kulturlandskap vil vera ein viktig del av, og eit resultat av arbeidet med kommunedelplanen. Planen omhandlar hovudsakleg kulturminne frå nyare tid – kulturminne frå etter 1536 – og det vert særleg lagt vekt på faste, fysiske kulturminne som verkar inn på plan- og byggjesaksforvaltinga i kommunen. Automatisk freda kulturminne, og andre vedtaksfreda kulturminne er underlagt eit eige forvaltingsregime, og det er difor mindre trong for planen å omhandla desse.

Kvinnherad skal ta vare på kulturarven i samsvar med utviklinga i åra framover. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar og skal vernast for si eiga skuld. Kulturarven skal vidare vera eit viktig element i kjelde for å få kunnskap om, og for å forstå livet i tidlegare tider. Kulturarven er viktig for å få gode opplevingar i kvardagen og skal takast vare på og utviklast for dette føremålet. Vern ved bruk er ein viktig strategi, og skal nyttast som hovudregel utan at det går ut over verneverdien og føremålet med vernet. Det er eit mål at Kvinnherad kommune skal forvalta og ta avgjersler om eigne kulturminne, og ein vil, ved rett og effektiv sakshandsaming få grunnlag for å ta gode politiske avgjersler.

##### 4.1. OVERORDNA MÅL FOR ALLE KULTURMINNE OG KULTURMILJØ:

- Styrkja vern av representative kulturminne og kulturmiljø i alle kulturminnekategoriane og epokar med høg verdi
- Leggja til rette for utvikling gjennom endring og ny bruk, basert på kulturminna og kulturmiljøa sine føresetnadar og tolegrensar
- Styrkja dokumentasjon om kulturminne og kulturmiljø
- Styrkja formidling av og kunnskap om kulturminne og kulturmiljø til alle
- Gjennom samfunnsplanlegginga leggja til rette for lokal verdiskaping gjennom forvalting av kulturminne og kulturmiljø

Dei fem overordna måla gjeld for heile kulturminnefeltet og alle tiltak som vert føreslegne i handlingsprogrammet. Desse måla er i det følgjande brote ned i delmål knytt til ulike typar av kulturminne eller satsingsfelt i kulturminnearbeidet. Delmåla er nummerert. Nummerering gjev kopling til handlingsprogrammet og reflekterer ikkje prioritering av måla.

## 1. KULTURMINNE SOM HAR VERN GJENNOM

### KULTURMINNELOVA:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda, eller som har formelt vern etter kulturminnelova er utanfor kommunen sitt mynde. Kommunen har likevel høve til å forsterka og synleggjera vernet ved å bruka plan- og bygningslova til å fastsetja omsynssoner rundt slike kulturminne i arealplanlegginga. Slike omsynssoner kan vera større enn det området som vert omfatta av kulturminnelova. Det kan òg vera aktuelt å leggja til rette for tilrettelegging, skilting, skjøtsel eller restaurering.

Mål:

1.A. Styrkja bevaringa og auka kunnskapen om kulturminne som er freda i samsvar med kulturminnelova

1.B. Auka forståing for verdien av freda kulturminne, og styrkja interesse og ansvarskjensle for freda kulturminne

1.C. Auka kunnskapen om kulturminne frå etter 1536

1.B. Auka kunnskapen om bygningar som er sett opp før 1850, og forvaltinga av desse

## 2. KULTURMINNE MED NASJONAL OG REGIONAL VERDI:

Vi skil mellom lokale, regionale og nasjonale verdier. Nasjonale og regionale målsetjingar er lagt til grunn for arbeidet med kommunedelplanen. Kulturminne av nasjonal verdi er registrert i Riksantikvaren sitt NB! Register. Vi har ingen kulturminne i dette registeret i Kvinnherad, men ein reknar både Baroniet i Rosendal og Halsnøy kloster som kulturminne med nasjonal verdi.

Det er elles mange kulturminne med regional verdi i Kvinnherad. Dei er ofte ein del av eit kulturmiljø, ein del av ei bygd eller ein liten tettstad, som til dømes Sunde eller Rosendal. Det er òg mange som høyrer til i eit kulturlandskap, og er ein del av landbruket.

Mål:

2.A. Vedlikehalda og auka vernet av kulturmiljø med nasjonal og regional verdi

2.B. Bidra til utvikling av miljøa og områda kor desse finst, og ta omsyn til desse kulturmiljøa sine særpreg og verdier.



### 3. KULTURMINNE MED LOKAL VERDI

Enkeltstående, faste kulturminne, med høg verdi for staden dei høyrer til eller med høg verdi for kommunen, har lokal verdi. Det kan vera krigshistoriske kulturminne, det kan vera enkeltstående bygningar, ferdselsvegar, stølar, industri, element knytt til tru og religion, og andre kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål for bygder/tettbygde strøk, til dømes: Rosendal, Uskedalen, Husnes, Sunde:

3.A. Unngå at fortetting og utvikling reduserer verdien av enkeltbygningar eller kulturmiljø, eller svekkjer området sin karakter og verdi

3.B. Verna om område med høg verdi slik at dei vert halde mest mogleg intakt og som eit heilskapleg miljø

3.C. Gi rom for endringar og utvikling, men samstundes verna om område slik at dei står fram som ein heilskap

3.D. Auka forståinga for kulturminna og den kulturelle verdien desse har i eit område, og korleis dei kan vera med på å auka attraktiviteten ved staden og stimulera til næringsutvikling

Mål for enkeltstående kulturminne:

3.E. Sikra vern om, og vern av enkeltstående kulturminne

3.F. Sikra at kulturminne vert sett og forstått i samheng med omgjevnadane

### 4. HANDTERING AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I PLAN- OG BYGGJESAKSHANDSAMING

I plan- og byggjesakshandsaminga er omsynet til kulturminne og kulturmiljø eitt av fleire sentrale tema som skal vurderast og leggjast til grunn for innstillingar og vedtak. Sakshandsaminga kan vera sårbar for feil om det ikkje ligg føre eit godt kunnskapsgrunnlag for vedtaka. Dette gjeld både for administrasjon og for dei politiske organa. Det er òg viktig at dette kunnskapsgrunnlaget er lett tilgjengeleg både for tiltakshavarar, rådgjevarar og sakshandsamarar i kommunen.

Mål:

4.A. Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein del av all kommunal planlegging i Kvinnherad

4.B. Ei føreseieleg og lik handsaming av alle plan- og byggjesaker som handlar om kulturminne og kulturmiljø

4.C. Eit heilskapleg og grundig kulturminnefagleg grunnlag som basis for vedtak i alle saker som handlar om kulturminne og kulturmiljø

4.D. Auka den faglege kompetanse og forståing for kulturminne og kulturmiljø i forvaltning av kommunen sin kulturarv hos tiltakshavarar, rådgjevarar, sakshandsamarar, kommuneleiing og dei folkevalde organa

## 5. FORMIDLING

Kunnskap om kulturminna og kulturmiljøa i kommunen er ei kjelde til identitet, stoltheit og stadkjensle. Slik kunnskap er viktig for å kjenna eige omgjevningar og bakgrunnen for å ta vare på kulturminna og kulturmiljøa, og bør vera kjende og tilgjengelege for alle.

Mål:

5.A. Auka kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø, og slik gje grunnlag for ny forståing, oppleving og bruk av desse

5.B. Auka kunnskapen om og forståinga av historia vår, og vidareføra det til born og unge

## 6. BRUK OG TILRETTELEGGING

Kulturminne er sårbare for manglande vedlikehald. Når bygningar og anlegg vert ståande ubrukte over tid er sjansen stor for at desse forfell. Det er truleg ikkje mogleg å halda alle kulturminne uendra, og vern gjennom bruk skal vera hovudprinsippet for kulturminneforvaltninga.

Mål:

6.A. Leggja til rette for vern gjennom bruk der dette er tenleg ut i frå kulturminna og kulturmiljøa sine føresetnader

6.B. Kvinnherad kommune skal ta initiativ, vera pådrivar og ta ansvar for dialog i handtering av kulturarven

6.C. Kvinnherad kommune skal bidra til auka kunnskap om moglegheiter økonomisk ved å integrera kulturarven i utviklinga i kommunen

## 7. SAMARBEID OG NETTVERK

Godt samarbeid med fagfolk i kulturminneforvaltninga er viktig for å få utnytta den kunnskapen som finst på best mogleg måte. Det er mange som har ulike oppgåver i samband med forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø, og det er viktig at dei faglege nettverka fungerer godt for at handsaming av saker skal bli effektiv og rett.

Mål:

7.A. God rettleiing til eigarar av kulturminne om handtering, vedlikehald og drift av desse

7.B. Styrkja kulturarven som kjelde til kreativitet og innovasjon

7.C. Styrkja samarbeidet mellom regionale kulturmynde og kommunen

7.D. Styrkja koordinering av sakshandsaminga mellom regionale kulturmynde og kommunen

## 8. AUKA OG BETRA KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Om Kvinnherad kommune skal fylla dei nasjonale forventingane knytt til forvaltning av kulturminne, må kommunen ha oversikt over dei kulturminna som finst i kommunen, sørgja for at registreringa er dekkjande, og at den vert oppdatert jamleg.

Mål:

8.A. Registrering av alle typar kulturminne i Kvinnherad kommune

8.B. Jamleg oppdatera kulturminneregisteret etter vedtekne rutinar og retningsliner



Skaalurensamlinga  
Foto Lars Kallevik

#### **4.2. STRATEGIAR OG VERKEMIDDEL – VEGEN TIL MÅLET**

Strategiane og verkemidla er valde for å nå måla for denne kom-munedelplanen. Det vert teke utgangspunkt i dei moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova, som gjev høve til å vedta juridisk bindande dokument, gje retningslinjer og føringar, og å driva informasjonssarbeid og gje rettleiing.

Dei ulike tiltaka vert konkretisert og prioritert gjennom handlingsdelen til planen. Konsekvensane av planen, framdrifta til tiltaka og resultatane av desse vert omtala sist i handlingsdelen.

Val av strategiar er ei fagleg prioritering utført etter gjennomgang av tilgjengeleg kunnskap om kulturminne og kulturmiljø i kommunen.

#### **4.3. PRIORITERINGAR – VAL**

Kulturminnevernet skal spegla nasjonal kulturminnepolitikk, og ein skal finna gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar. Ved val av strategiar og verkemiddel for dei ulike områda, kulturmiljøa og kategoriane, vert det gjort ei prioritering.

Planen skal omfatta kulturminne frå heile Kvinnherad, og ta føre seg kulturminne og kulturmiljø frå eldre til nyare tid - med dette meinast før og etter reformasjonen i 1536. I fyrste rekkje vil planen prioritera å omhandla kulturminne og kulturmiljø i form av miljø, bygningar, anlegg og andre faste kulturminne som ikkje allereie er freda. Prioriteringa er i samsvar med føringar og ynskjer frå regional og nasjonal kulturforvaltning.

Det vert likevel i tillegg teke med nokre immaterielle kulturminne som det er viktig å fokusera på framover. Her kan nemnast historie som omhandlar gardsbruk, støls- og seterdrift og eldre fritidsbustadar. Museum og arkiv vert også omhandla med særleg merksemd på dei kommunale musea i Kvinnherad.

#### 4.4. INNSAMLING AV INFORMASJON OG KUNNSKAPSRUNNLAG

Engasjement og medverknad har vore viktig i planarbeidet, og det har vore god kontakt med friviljuge lag og foreiningar, og med ressurspersonar i dei ulike kretsar og bygder i Kvinnherad. Temaområde for planen er utarbeidd i samband med dette. Oppstartskonferansen i 2016 var starten for dette arbeidet. I 2020 har det vore nytta «gjestebod» som metode for innsamling av innspel til planarbeidet. I denne perioden er det produsert filmar som er nytta til inspirasjon og informasjon om arbeidet.

Strategiane for å samla inn og kategorisera kunnskapen skal vera målretta.

Det skal skrivast, samlast innspel, (fotografi; -gamle og nye, filmar og lydfile). I tillegg skal vi gjera eit utval av, og omtala automatisk freda kulturminne (Askeladden og innspel), vedtaksfreda kulturminne (Askeladden og innspel), og vi skal laga nye registreringar av kulturminne frå nyare tid.

##### METODAR FOR INNSAMLING, SAMLING OG HANDSAMING AV INNSPEL:

- Invitasjon til “gjestebod” til lag og foreiningar (Utsendt april/mai 2020)
- Publisering av “gjestebod” på sosiale media, kommunen sine nettsider (april/mai 2020)
- Telefonkontakt med lag og foreiningar (april/mai/juni 2020)
- Artiklar i avisene om einskilde kulturminne
- Eventuelle møter med lag og foreiningar, ressurspersonar
- Foto, filmar og lydfile

##### DET VI SKAL GJERA ER:

- Samla inn relevant informasjon og kunnskap
- Kategorisera og tolka informasjonen
- Avklara verdien til kulturminna og kulturmiljøa
- Framstilla kunnskapen i rapport og på kart (avgrensa kulturmiljø)
- Prioritera kommunal innsats på kulturminnefeltet



Kontorpult  
frå Fjelberg  
prestegard Foto  
Kvinnherad  
kommune



## **KAPITTEL 5**

### Status og utfordringar med kulturminne og kulturmiljø

Utfordringane i samband med automatisk freda kulturminne er at det trengst midlar til skjøtsel og tilsyn.

---

MED KLOKKA: 1. Frå Ænes Kyrkje 2. Halsnøy kloster 3. Kvinnherad kyrkje Foto Kirkesøk 4. Detalj frå Baroniet 5. Gamal mur i Halsnøy kloster. Foto der ikkje anna er oppgjeve Kvinnherad kommune.

## 5. STATUS OG UTFORDRINGAR MED KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Kvinnherad har kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne av mange slag, som kan daterast attende frå dei tidlegaste tidene og fram til i dag.



Halsnøy Kloster  
Foto Kvinnherad  
kommune

**T**ilstanden til dei ulike kulturminna våre er både gode og dårlege. For å betra dette må det til eit større og betre medvit om vern og verdi, ei betre forvaltning og ei betre formidling av historiene knytt til kulturminna. Og ikkje minst, må det til ei oversikt over kvar dei ulike kulturminna er registrert og dokumentert, og korleis dette kan verta tilgjengeleg.

Det er mange utfordringar vi må ta i samband med vern, særleg av kulturminne frå nyare tid, og bygningane frå om lag tida frå reformasjonen og framover til i dag. Ein treng ei god og funksjonell oversikt og tilgjengeleg informasjon om dei ulike kulturminna, slik at ein kan få til reelle vedtak om vern og formidling av minna frå denne tida. For å få til ei god og rett forvaltning trengst det samar-

beid, innsikt og kunnskap om kulturminna. Det trengst forståing for at kulturminne har ein verdi i seg sjølv, og at kulturminna og historiene omkring dei er ein ressurs for eigarane og andre.

Korleis kan vi ta vare på kulturminna våre for framtida, og føra historia vår vidare på ein verdig måte? Dette handlar om formidling og om korleis ein kan freista å tenkja nytt om kulturminne og kulturmiljø. Det vert ofte tala om at ein ynskjer at kulturminna skal vera ein ressurs for lokal verdiskaping og samfunnsliv. Kva er det? Kan ein gamal båtbyggjarhall bli ein ressurs for lokal verdiskaping? Kan ein husmannsplass bli til ein triveleg møteplass kor historia til staden kan formidlast og takast vare på?

### FRÅ AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE TIL LOKALT KULTURMINNEVERN

Freding er den strengaste forma for vern. Freda kulturminne kan være automatisk freda, eller vedtaksfreda. Eit kulturminne eller kulturmiljø kan vera verna med heimel i lov. I tillegg til kulturminnelova er vern etter plan- og bygningslova, kyrkjelova eller naturmangfaldlova òg brukt. Andre verkemiddel for vern kan vera statlege verneplanar, listeføring og tilskotsordningar.

Eit verneverdig kulturminne eller kulturmiljø har gjerne gått gjennom ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Dei mest verneverdige kulturminna eller kulturmiljøa har nasjonal verdi og er oftast freda etter kulturminnelova. Kulturminne og kulturmiljø kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vera kommunen som sikrar vern av slike kulturminne og kulturmiljø ved hjelp av plan- og bygningslova. Eit slikt vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom eit særskilt vedtak for det enkelte kulturminnet. Det er kommunen sjølv som definerer kva kulturminne som skal inngå i kulturminneplanen.

Ein annan måte å markera at eit kulturminne eller kulturmiljø er verneverdig på, er listeføring. Det er ei oppføring på ei liste over objekt eller miljø som skal forvaltast på ein nærare definert måte. Mange kyrkjer er listeført.

Dei fleste verneverdige kulturminna og kulturmiljøa er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel teke godt vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigar eller brukar. Når minne eller kjensler er knytt til eit kulturminne, vil ein gjerne ta godt vare på det. Private eigarar tek godt vare på, vøler og restaurerer, pussar og steller naust, løer og sommarhus. Det vert søkt om tilskot og ein set av eigne pengar til å halda hus, gardar og tradisjonar i hevd.

Vi vil her greia ut kva fredingar og vern som finst, og om konsekvensar av dette. Vidare vil vi seia noko om dei freda og verna kulturminna og kulturmiljøa vi har i Kvinnherad, og kva for utfordringar vi kjem til å få i tida framover.

I bygdene og tettstadene finn vi ofte særprega bygningsmiljø som er med på å definere staden, gi karakter og syne kontinuitet i historia. Dette kan vere husvære med ein eins stilart, eller frå same epoke, eller til og med frå same arkitekt. Ofte gjeld det både hus og hageanlegg. Om slike miljø vert borte, anten ved riving, vesentleg ombygging og modernisering, vert heile staden fattigare. På motsett side vil restaurering, tilbakeføring og vøling vere med på å styrke staden. For å sikre at avgjersle ver gjort med omtanke for kulturminneverdiane bør desse kulturmiljøa verte gitt omsynssone «bevaring kulturmiljø, H570». Ein skal heller ikkje undervurdere signaleffekten ein velhalden eigedom kan gi, ved at folk får lyst til å vedlikehalde eigne bygningar.

### 5.1. AUTOMATISK FREDA

Automatisk freding tyder at kulturminnet er freda direkte etter alder, utan særskilt vedtak. Som eit ekstra vern har alle automatisk freda kulturminne ei sikringssone på minimum fem meter rundt det automatisk freda objektet.

Desse kulturminna er automatisk freda:

- faste kulturminne frå før reformasjonen (1537)
- samiske kulturminne frå år 1917 eller eldre
- erklærte ståande byggverk med opphav frå perioden 1537–1649
- faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946. I tillegg er det bestemningar for enkelte type kulturminne (sjå Svalbardmiljølova)
- Marine kulturminne eldre enn 100 år er verna etter eigne reglar i kulturminnelova, sjå Kap IV.

Eit automatisk freda kulturminne er freda direkte gjennom kulturminnelova eller svalbardmiljølova, utan særskilt vedtak.

### Konsekvensar

Det er straffbart å setja i gang tiltak som kan skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna måte urimeleg skjemma automatisk freda kulturminne. Forbodet omfattar også ei fem meter brei sikringssone rundt kulturminnet. Tiltakshavar har stoppe- og meldepikt til fylkeskommunen dersom det viser seg at eit arbeid som er starta opp kan virka inn på eit automatisk freda kulturminne på ein måte som omtala ovanfor.

Denne plikta oppstår når ein avdekkjer automatisk freda kulturminne som ein på førehand ikkje veit om, eller ikkje har grunn til å tru finst. Melding om funn skal innrapporterast til kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen med ein gong. Dei avgjer så snart som mogleg – og seinast innan tre veker – om arbeidet kan halda fram, og vilkår for dette. Dersom det føreligg særlege grunnar kan fristen forlengast.



Kvinnherad kyrkje Foto Kvinnherad kommune

## AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE I KVINNHERAD

I Kvinnherad er det mange automatisk freda kulturminne frå dei tidlegaste tidene folk la spor etter seg. I Askeladden og Kulturminnesøk, som er Riksantikvaren sine nasjonale databasar med oversikt over kulturminne og kulturmiljø, finn ein dei fleste av desse minna registrert.

Det er funne steinalder-reiskapar, økser, knivar og klubber av flint og grønnstein fleire stadar i Kvinnherad. Dei eldste spora etter jordbruk er frå Flatabø i Nordrepollen og er daterte til eldre bronsealder (1800-500 f.Kr). Nyare metodar for arkeologisk graving, flateavdekking, daterer jordbruket på garden Skåla til yngre bronsealder (1100-500 f.Kr). Det gjev grunn til å tru at dei fleste, kanskje alle, dei sentrale gardane i kommunen er frå denne perioden. Dei såkalla kystrøysene, store steinrøysar langs fjorden som kan vera eldre enn jord-

bruket i distriktet, vert tolka som «revirmarkeringar» - at ei folkegruppe markerar sine rettar over landområde andsynes inntrengjarar. Røysa på Bjelland på Sunde, og dei mange røysene på Sydnes på Halsøy, høyrer til denne kategorien. Kostesame, importerte bronsekjellar, gull- og sølvsmykke, høvdinggraver, såkalla storhaugar og tufter etter langskipsnaust vitnar om stor busetjing, høvdingmakt, solid økonomi og kontaktar langt utover distriktet. Kvinnherad skil seg ut i regionen med talet på slike funn. Det er skilta informasjon til langhustufta i Sunde i Matre, og langskipstufta på Seimsfoss, som begge er frå folkevandringstida (400-550 f.Kr.).

Helleristningane på Hamarhaug i Ølve  
I Kvinnherad har vi òg helleristingar på Hamarhaug i Ølve. Bergkunsten her inneheld 36 figurar. 33 av desse er båtar. Det er òg ein halvmåneforma figur

og to figurar det er vanskeleg å tolka, men de er mogleg at den eine er ei øks. Bergflata er stykkjevis heilt glatt, og ho er sprukken og ujamn grunna vitring. Til dels er det eit stadig vassig frå sprekkar i bergveggen, og ein del av bergflata er avskalla slik at fleire av figurane er øydelagde. Tilstanden til dette kulturminnet er ikkje god. Mykje er naturskade, men noko er òg gjort av menneske.

Kvinnherad kyrkje i Rosendal og Ænes Kyrkje Mellomalderen i Kvinnherad og elles i Noreg er karakterisert ved at kyrkje og kloster bygde seg opp som sterke institusjonar og store jordeigarar. På 1400-talet reknar ein med at jordeiga var delt nokolunde likt mellom adel, kyrkje og private. Ein kjenner til ti mellomalderkyrkjer i kommunen. I dag står kyrkja i Rosendal (Skåla) og kyrkja på Ænes att. Den første skil seg ut i storleik og utsmykking. Ho vert rekna som ei av dei fire hovud-

Halsnøy kloster  
Foto Kvinnherad  
kommune



kyrkjene, fjordungskyrkjene, i Hordaland. På nabogarden Mel stod eit gardskapell, det vart teke stein frå dette kapellet få hovudbygningen på Baroniet vart bygd. Denne tufta er skilta i dag.

Halsnøy kloster  
Fire av dei ni steinkyrkjene ein kjenner frå mellomalderen i Sunnhordland er i Kvinnherad - då medrekna klosterkyrkja på Halsnøy. Klosteret skal vera skipa i 1163 og er knytt til kongsfaren Erling Skakke frå Etne. Ein indikator på dette er at fleire storgardar i Etne høyrde til fundasgodset (gods som vart gjeve ved skipinga) til klosteret. Halsnøy kloster vaks til å bli det største klostergodset i Noreg.

I seinmellomalderen vart det bygd nye bygningar med gotiske murar og det er restar etter desse som står der i dag. Av klosterkyrkja er berre ein liten del av sokkelen att. Det er elles det ytre anlegget som har overlevd - ruinar med og utan tak. Riksantikvaren har vore med på restaurering av ruinane.

Utfordringane i samband med automatisk freda kulturminne er at det trengst midlar til skjøtsel og tilsyn. Vern mot klimarelaterte skader og naturleg forfall er den viktigaste grunnen til å vedlikehalda desse minna. Men, det trengst òg å følgja med, og til ein viss grad driva oppsyn av desse kulturminna for å verna mot menneskeskapt

øydelegging, som hærverk og lite aktsemd i samband med arbeid i nærleiken av minna.

Tilrettelegging for besøk og formidling er òg viktig, og skjøtsel i denne samanhengen er ressurskrevjande. Ikkje alle kulturminne i denne kategorien bør gjerast tilgjengelege for almenta, fordi det kan føra til slitasje og skjemming. For å få til gode løysingar i samband med tilgjenge og informasjon, bør ein setja av ressursar til samarbeid.



## 5.2. VEDTAKSFREDA KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom særskilt vedtak for det einkilde kulturminnet. Eit kulturminne er freda gjennom enkeltvedtak etter kulturminnelova, eller gjennom svalbardmiljølova. Vedtaksfredingar kan omfatta bygningar, anlegg, hagar og farty. Større laust inventar kan fredast saman med byggverk eller anlegg.

### Konsekvensar

Alle inngrep i vedtaksfreda kulturminne krev dispensasjon frå regionale kulturminnemynde. Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for tiltak som fører til vesentlege inngrep i kulturminnet.



Fjelberg  
prestegard Foto  
Kvinnherad  
kommune

## VEDTAKSFREDA KULTURMINNE I KVINNHERAD

Vedtaksfreda kulturminne i Kvinnherad er hovudsakleg bygningar, hagar og anlegg frå 1600 og framover. Dei vedtaksfreda kulturminna har ulike eigarar. Nokon er i offentleg eige, nokon er eigd av universitet og stiftingar, og nokon er i privat eige. Det er fleire kulturminne frå perioden 1500-1800 som truleg skulle vore vedtaksfreda. Eitt kulturminne er under vurdering for slikt vedtak (jf. RA).

*Baroniet Rosendal* er frå 1665. Staten eig Baroniet, ved Universitet i Oslo. Den Weis-Rosenkroneske stiftelse er heimelshavar av alle eigedommane som omfattar Baroniet. Det meste av Baroniet har vedtaksfredingar og forskriftsfredingar. Baroniet vert drive som museum og kulturarena.

*Fjelberg prestegard*, på Fjelberg, ligg fint til ved sidan av tømmerkyrkja frå 1722. Kyrkjestaden og prestegarden har tradisjonar attende til mellomalderen, og er fyrste gong omtala i 1561. Garden er ved-

taksfreda. Garden er eigd av Stiftinga Fjelberg prestegard.

*Fjelberg kyrkje* vart bygd i 1722. Kyrkjegarden er ikkje lenger i bruk. Det er funne ei steinøks under golvet i Bispestova, som er datert til yngre steinalder.

*Nicoll-Huset*, i tunet på garden Presthus på Ølve, er våningshuset på presteenkjasetet frå 1620. Huset som står i dag er truleg frå 1800. Huset er i privat eige.

*Hovudhuset på Kapteinsgården* i Uskedalen er frå fjerde kvartal av 1700-talet. Garden er nemnt fyrste gong på 1300-talet. Huset er vedtaksfreda og er i privat eige.

*Malmanger prestegard* i Rosendal har tradisjonar attende til mellomalderen, og er datert frå 1600-talet og framover. Hovudhuset er eigd av Opplysningsvesenets fond, og er elles i privat eige.

Dei største utfordringane for kulturminna som er vedtaksfreda, er å skaffa nok ressursar til å driva vedlikehald og skjøtsel av husa og eigedommane. Nokre av desse kulturminna har omfattande utfordringar fordi det er mange besøkjande i sommarsesongen. Det er ynskjeleg med godt samarbeid og god forståing med nasjonale og regionale kulturmynde og Kvinnherad kommune. For å kunna verna ved bruk, arbeida vidare med planar, og utvikla formidling av kunnskap om kulturminna og kulturmiljøa, er det ynskjeleg med betre dialog mellom drivarane av kulturminna og kulturmiljøa, kulturmynde og Kvinnherad kommune.

Tilrettelegging og vidare formidling av historie er eit kontinuerleg arbeid. Vidare formidling av historiene til kulturminna som er vedtaksverna er viktig, og å kunna visa fram bygningane, områda rundt og tilby tilreisande gode opplevingar. Løysingar for vern ved bruk er viktig, samstundes som ein er medviten om kulturmiljøet og kulturminna sin eigen verdi.



Fjelberg kyrkje  
Foto Kvinnherad  
kommune



Malmanger  
Prestegard Foto  
Kvinnherad  
kommune

### 5.3. FORSKRIFTSFREDA KULTURMINNE

Dette omgrepet vert brukt om kulturminne som er freda ved forskrift, ikkje ved enkeltvedtak. Dette gjeld for byggverk og anlegg i statleg eige (kulturminnelova § 22a) og kulturmiljø (kulturminnelova § 20) som vert freda ved forskrift. Forskriftsfreding inneber normalt ein forenkla prosedyre i forhold til freding ved enkeltvedtak.

#### Konsekvensar

Alle inngrep i forskriftsfreda kulturminne krev dispensasjon frå Riksantikvaren (for byggverk og anlegg i statleg eie) eller regional kulturminnemynde (kulturmiljø). Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for tiltak som inneber vesentlege inngrep i kulturminnet.



Brannstasjonen på Valen sjukehus  
Foto Kvinnherad kommune

#### FORSKRIFTSFREDA KULTURMINNE I KVINNHERAD

*Jordbrukslandskapet i Baroniet i Rosendal* er forskriftsfreda, med park og hage. Ein ser dette i samanheng med, og som ein heilskap av omtalen om vedtaksfreding i avsnitt 5.2. ovanfor.

*Valen Sjukehus* vart bygd i 1908 og har vore i drift frå 1910. Sjukehuset er registrert og omtala i *Landsvernplan for helsesektoren* i 2012, og det er registrert i *Statens kulturhistoriske eiendommer*. Forskriftsfredinga omfattar «Gamlebygget», den gamle brannstasjonen og gravlundene. Sjukehuset med freda bygning-

ar og området rundt er eigd av Helse Fonna.

Utfordringane er formidling av historia, samarbeid og utviklingsarbeid med lokale, kommunale og regionale aktørar og kulturmynde.



Vindauge på Valen sjukehus  
Foto Kvinnherad kommune



Valen gamle kraftstasjon.  
Foto Kvinnherad kommune



Valen sjukehus  
Foto kvinnherad kommune



#### 5.4. OPPHEVA FREDING

Vedtaks- eller forskriftsfreda kulturminne der fredinga er oppheva til dømes fordi fredingsverdiene er borte.

Konsekvensar

Alle inngrep i slike kulturminne bør avklarast med kulturminneforvaltning i fylkeskommunen, fordi dei framleis kan ha ein verneverdi sjølv om fredingsverdien er tapt.

#### OPPHEVA FREDING I KVINNHERAD

Det er mogleg at det finst oppheva fredingar i Kvinnherad, men desse er få, og har lite å seia for det som vert omtala i denne planen.

#### 5.5. FJERNA KULTURMINNE (GJELD AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE)

Når automatisk freda kulturminne er fjerna anten gjennom lovlege arkeologiske utgravingar eller gjennom ulovlege tiltak, får dei statusen *Fjerna*. Sjølv om kulturminnet er borte, er det viktig for forvaltninga og forskinga å vite at det har vore kulturminne ein stad. Difor gjev ein ikkje slepp på registreringa eller kartmarkeringa.

Konsekvensar

Kulturminne som er fjerna på eit tidlegare tidspunkt, inneber ingen restriksjonar for grunneigar eller andre som har rettar i høve til minnet.

#### FJERNA KULTURMINNE I KVINNHERAD

I Kvinnherad kommune finst det fleire gravminne/gravrøyser, busetjingsområde og hamneområde som har statusen *Fjerna*, men som likevel er registrerte. Her kan nemnast Kalvsundet mellom Kalven og Snilstveitøy, busetjingsområde på Kaldestad og på Fjelbergøy og Halsnøy.

Dette har lite å seia for det som vert omtala i denne planen.



Postvegen Foto Kvinnherad kommune



#### 5.6. KOMMUNALT VERNEVERDIG

Den Stavangerske postvei mellom Bergen og Stavanger vart vedteken gjennom kongeleg resolusjon i 1785. Vegen er å rekna som offentlig grunn, og er til ålmenn bruk. Den vert forvalta av Statens vegvesen, ved Norsk vegmuseum. Vegen er òg eit kommunalt kulturminne. I Kvinnherad går vegen frå postbryggja ved Ølfernes til postbryggja i Hellvik i Herøysund. Den held fram frå postbryggja i Ølve til postbryggja i Sunnfjord. Vegen er ikkje verna, men er kommunalt verneverdig. Vegen er mykje brukt som turveg. Interessegelaget postvegen Ølfernes – Herøysund har ansvar for vedlikehald og skjøtsel av postvegen i Kvinnherad kommune.

Utfordringane er vedlikehald og skjøtsel av vegen, og formidling av historia til vidare bruk. Bruk er det beste vedlikehaldet.

## 5.7. LISTEFØRING

Kulturminne eller kulturmiljø kan òg visast som verneverdige ved listeføring. Det vil seia at ein har ei oppføring på ei liste over objekt eller miljø som skal forvaltast på ein definert måte, som til dømes lista over særleg verneverdige kyrkjer. Dette har stor nasjonal verdi. Det betyr at kyrkja skal handsamast med like stor respekt som freda kyrkjer. NB!-registeret (nasjonale interesser i by) og Gul liste (Byantikvaren i Oslo) er andre slike listeføringar, i tillegg til Lista over særleg verneverdige kyrkjer.

Alle kyrkjer bygd mellom 1650 og 1850 er automatisk listeførte. Men også kyrkjer som er bygde etter 1850 kan vera listeførte.

- Åkra Kyrkje - 1735 (Listeført 1650-1850)
- Holmedal kyrkje – 1815 (Listeført 1650-1850)
- Fjelberg kyrkje – 1722 (Listeført 1650-1850)
- Eid kyrkje (Listeført 1650-1850)
- Varaldsøy kyrkje - 1885 (Listeført etter 1850)
- Ølve kyrkje - 1861 (Listeført etter 1850)
- Uskedalen kyrkje - 1914 (Listeført)
- Hatlestrand kyrkje – (Ikkje verna)
- Husnes Kyrkje - 1874 (Ikkje verna)
- Valen kyrkje – 1978 (Ikkje verna)

### LISTEFØRING I KVINNHERAD KOMMUNE

Vi har til saman 12 kyrkjer i Kvinnherad. To av desse er automatisk freda, og sju kyrkjer er listeførte. Tre av kyrkjene har ikkje formelt vern etter kulturminnelova. Dei vert likevel godt teke vare på fordi dei vert oppfatta som verdifulle av eigar, brukarar og lokalmiljø.

Kyrkjegardar og gravminne før 1537 er automatisk freda. I Kvinnherad er Ænes kyrkje og Kvinnherad kyrkje i Rosendal automatisk freda.

Kvinnherad kyrkjelege fellesråd eig kyrkjene i Kvinnherad. Dei

får økonomiske overføringar til drift frå Kvinnherad kommune. Dette er eit forpliktande samarbeid for begge partar. Desse midlane vert brukt til vedlikehald av kyrkjene. Det er eit krevjande vedlikehald av kyrkjene i Kvinnherad. Det er mange kyrkjer, og mange av dei krev ekstra vedlikehald grunna alder og vern. Kyrkja i Kvinnherad er avhengig av kommunen sine overføringar. Slik vert også vedlikehald av freda kulturminne og kulturmiljø avhengig av desse overføringane. Er det mogleg at utfordringane med vern og skjøtsel av dei freda kulturminna kan gjerast på ein betre måte?



Fjelberg  
prestegard foto  
Kvinnherad  
kommune



Åkra kyrkje  
inngang  
november 2015  
Foto Kyrkja i  
Kvinnherad



Uskedal kyrkje  
desember 2012  
Foto Kyrkja i  
Kvinnherad

## 5.8. KULTURMINNE SOM INNGÅR I FREDA KULTURMILJØ

Kulturminne i denne kategorien inngår i eit freda kulturmiljø. Kulturmiljø er områder kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Med heimel i kulturminnelova, § 20, kan ein freda eit kulturmiljø ut i frå området sin totale kulturhistoriske verdi, utan at dei einiskilde elementa i miljøet er fredingsverdige i seg sjølv. Det kan fredast kulturmiljø både i byar og tettstadar, i jordbrukslandskapet, i skog og utmark. Ei kulturmiljøfreding vert vedteken som forskrift. Kulturmiljø vert ofte markert med omsynssoner i arealplanar.

### Konsekvensar

Alle inngrep i freda kulturmiljø krev dispensasjon frå kulturminnemynde i fylkeskommunen. Det er ikkje høve å gje dispensasjon for tiltak som inneber vesentlege inngrep.

### KULTURMINNE SOM INNGÅR I FREDA KULTURMILJØ I KVINNERAD

#### Baroniet Rosendal

Garden Hatteberg var frå mellomalderen ein adeleg setegard. Dottera til adelsmannen Axel Mowat fekk garden i bryllaupsgåve. Baroniet Rosendal er slottet frå 1665, som er det einaste baroni i Noreg. Slottet har vore vedtaksfreda sidan 1923. I 1927 ga den dåverande eigaren, familien Weis, eigedommen til Universitetet i Oslo. Baroniet er eigd av staten, ved Universitetet i Oslo. Den Weis-Rosenkronske Stiftelse vart oppretta i 1927. Heimelshavar på eigedomane som omfattar Baroniet er den Weis-Rosenkronske stiftelse. Baroniet med bygningar, hagar, park og gardsbruk er freda (ved-

taksfreding, forskriftsfreding). Det er fleire gravhaugar og eit gravfelt i området, som er automatisk freda.

Baroniet er eit museum, og har årlege kulturarrangement av ulike slag. Det er restaurant og kafé, med lokale og eigenproduserte råvarer. Det er høve til overnatting i særskilte stover og hus. Den store parken, med hageanlegg og 300 år gamal renessansehage, er mykje besøkt av tilreisande og lokale folk. Baroniet har stor verdi som nasjonalt kulturmiljø, og som arena for kultur. I tillegg kan ein tenkja seg kor stor verdien er for kommunen i reiselivssamheng. Baroniet i Rosendal er ein av dei største turistattraksjonane på Vestlandet.

Stien rundt Hattebergfossen, som delvis er ein del av det freda området Baroniet i Rosendal, er planlagd utbetra og tilrettelagt for tilreisande og lokale turgåarar. Fjell- og fjordlandskapet og Baroniet er høgdepunkta for turen, og ein planlegg å kombinera opplevingane i naturen og formidling av historia til Baroniet. Slik reiselivet utviklar seg no, er nett opplevingar og formidling av kulturminne og natur viktig i samband med lokal verdiskaping.

### 5.9. KULTURLANDSKAP OG LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Med kulturlandskap meinast landskap som er forma av menneske sine liv og virke opp gjennom tidene, eller landskap som på ulikt vis har førestillingar i seg som påverkar menneska.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei samling av dei mest verdifulle kulturlandskapa i Noreg. Dette er særreigne jordbrukslandskap med store biologiske og kulturhistoriske verdiar, skapt av menneske i eit samspel med naturen i generasjonar.

*Gjuvslandslia utvalde kulturlandskap* er delvis overlappende med Gjuvslandslia Landskapsvernområde.

Gjuvslandslia landskapsvernområde er 198 dekar stort og strekkjer seg frå Hardangerfjorden og opp til 197 meters høgde. Verneområdet vart oppretta ved kongeleg resolusjon i 2000, med bakgrunn i at vi her finn eitt av landets aller viktigaste område for barlind. Ein reknar med at det veks mellom 1000 og 1500 tre av denne arten her, som har status som sårbar (VU) på den norske raudlista.

Gjuvslandslia har eit særst gunstig lokalklima og våren kjem ekstra tidleg her. Jordsmonnet er rikt med eit særleg høgt innhald av kalsium i dei nedre delane av lia. Gjennomsnittleg får området i overkant av 2000 mm nedbør per år. Ved Gjuvsland stod ei gamal oppgangssag, som vart bygd som sirkelsag i 1912 og som vart nytta til oppsaging av store mengder stamp til tønneproduksjon. Denne saga var seinast i bruk i 1983.

Tidlegare var det omfattande jordbruksdrift i Gjuvslandslia, og på fleire av teigane vart det mellom anna dyrka plommer. Arealet nedafor bratthenget vart nytta som slåtteteigar og beiteland. Slåtten var ei særst krevjande oppgåve ettersom terrenget her har ein gjennomsnittleg hellingsgrad på 38 grader.

I løpet av dei siste tiåra av 1900-talet gjekk den tradisjonelle bruken av slåtteteigane gradvis ut. På ein teig sentralt i verneområdet har ein likevel makta å halda tradisjonane i hevd, og her finn vi framleis eit stort mangfald av beitemarksopp, forutan artar for eit slikt gammalt kulturlandskap som musekløver og vill-lin. Ei utbreidd plante i heile Gjuvslandslia er kusymre. Heilt nede i strandkanten veks også den norske nasjonalblomen Bergfrue.

For å ta vare på natur- og kulturarven vår, treng vi eit aktivt jordbruk. Vi treng eit lokalt engasjement og ein statleg innsats. Det er ei prioritert målsetjing å oppretthalda det biologiske mangfaldet i Gjuvslandslia med ein aktiv skjøtsel av kulturlandskapet.




Gjuvslandslia  
Foto Bondevennen  
Liv Kristin Sola

### 5.10. KULTURHISTORISK LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE - ROSENDAL

Riksantikvaren starta i 2013 arbeidet med eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Landskap er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern, og difor trengst det kunnskap og oversikt over landskapsverdiane. Kulturminneforvaltninga har ansvar for å ha oversikt over kulturhistorisk verdifulle landskap.

Rosendal er ein naturleg og historisk viktig møtestad med stor tidsdjupne og høg historieforteljande verdi. Ei rekkje kulturminne av nasjonal verdi vitnar om dette, som mellomalderkyrkja i Rosendal, tuftene etter langskipnausta og mellomaldergravplassen. Baroniet Rosendal er eineståande i nasjonal samanheng, og spelar opp mot landskapsrommet utanfor anlegget i ei heilskapleg oppleving. Det freda anlegget har høg arkitektonisk verdi, og den freda landskapsparken er halden for å vera eit hovudverk i romantikken sin kunst i Noreg.

Mellom Baroniet og sjøen, omkring Kvinnherad kyrkje i Rosendal og dei nære sjøområda her er landskapet sårbart for høge, eller store anlegg og bygningar. Det er òg sårbart for nedbygging og gjen-groing av jordbrukslandskap og stølsdalar. Riksantikvaren rår til at dette landskapet i kommuneplanen sin arealdel bør gjevast omsynssone c, med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø.



Frå Melderskin  
Rosendal  
Foto S.  
Kannelønning  
1905





## **KAPITTEL 6**

### Tema og prioriterte kulturminne

Vadmel har vore klede til folk i uminnelege tider. Saueull vart vove og deretter tova for å verta mjukt, og betre halda væta ute. Stampa og kvedna i Omvik vert no restaurert.

Stampa i  
Omvik Foto  
Kvinnherad  
kommune

## 6. TEMA OG PRIORITERTE KULTURMINNE

Det finst mange registreringar av kulturminne. I Riksantikvaren sitt register, «Askeladden», kan kommunen sine tilsette søkja informasjon om kulturminne i profesjonell samanheng. «Kulturminnesøk» er òg Riksantikvaren si teneste, kor alle kan finna informasjon om kulturminne og kulturmiljø. I SEFRAK-registeret (Sekretariat for registrering av faste kulturminne), lokale registreringar og arkiv, bygdebøker, biletarkiv, kart og anna er det registrert og omtala kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne. Frå 2015, med oppstartskonferanse og andre møte, og no, er det kome innspel til arbeidet med kommunedelplanen for kulturminne. Dette har til saman vorte eit kunnskapsgrunnlag for å få til ei oversikt over kulturminne i kommunen vår. Denne oversikta, med prioriteringar og val av tema for vidare arbeid, handlingsplan for den komande planperioden, dei komande 4 åra.

**D**et er planprogrammet, og dei føringane som kulturmyndene fastset som er prioriteringane for denne kommunedelplanen. I den langsiktige delen, som fell saman med kommuneplanen, vil det takast inn nye tema etter kvart. Ein kan etter ynskje, og om ein treng, prioritere annleis. Denne kommunedelplanen skal rettast og oppdaterast kvart år, og den skal reviderast kvart fjerde år.

Tema for ulike kulturmiljø og kulturminne vil vera den fyrste delen av dette kapitlet. Utgreiingar om dei einskilde prosjekta vert ført vidare til handlingsdelen og planen for dei neste fire åra. Dette med utgangspunkt i planprogrammet og kulturmyndighetene sine føringar. Det vert her laga ei prioritering av kulturminne og kulturmiljø som skal takast med for denne planperioden. Verdier i høve til kunnskap, opplevingar og bruk, og vidare vektning av desse verd-



Ståande bygning  
Foto Kvinnherad  
kommune

iane vert òg nytta for å visa kva kulturminne som treng prioritet i denne handlingsplanen. Til slutt i kapitlet vert det gjort ei prioritering for konkret arbeid som skal gjennomførast dei neste fire åra.

Det er venteleg mange kulturminne som ikkje er registrert i denne kommunedelplanen. Vidare registreringar vert følgd opp i handlingsprogrammet, ved at ein i tida som kjem vil arbeida med oversikt over kulturminne i Kvinnherad.

## 6.1. ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

### ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

I meir enn 11 000 år har det budd menneske i Noreg. Arkeologiske kulturminne er for det meste av denne tida dei viktigaste kjeldene som gjev oss forståing og kunnskap om menneska og samfunnstilhøva dei levde under. Dei fleste av desse minna er heller ikkje synlege over bakken, og er difor ikkje kjende. Vi lever alle i nærleiken til arkeologiske kulturminne. Dei er ein del av gardane, og dei er i utmarka og i fjella. Nokre av minna er avdekte og kjende, og mange er godt tekne vare på av kulturmyndigheitene. Her i Vestland fylke er mange faste kulturminne registrerte og kjende lokalt, og mange lause kulturminne er hjå Bergen Museum.

Dei fleste arkeologiske kulturminna skal ikkje synast fram, dei skal liggja der dei ligg, verna av naturen og av lovane. Så vel

vi likevel å visa fram og formidla historia til andre kulturminne, og i denne samanhengen har vi eit særleg viktig ansvar. Vern tyder òg skjøtsel, og det trengst difor ressursar til stell, klypp av gras, skilting og vedlikehald av ulikt slag.

Det er i dag skilt ved fire av dei automatisk freda kulturminna i Kvinnherad i tillegg til Halsnøy kloster og kyrkjene, som er automatisk freda. Det er skilt ved Langhustufta Sunde i Matre, og ved nausttufta på Seimsfoss, og ved gamle kyrkjegarden på Skåla, og Kapellet på Mel. Det vil vera viktig å vidareføre avtalar om skjøtsel ved dei arkeologiske kulturminna kor det i dag er slike avtalar. Det bør gjerast noko for å ta vare på Helleristingane på Husaberget ved Hamarhaug i Ølve. Det er Vestland fylke som har ansvaret for skjøtsel og sikring av dei arkeologisk freda kulturminna våre, utanom Halsnøy kloster, kor Sunnhordland museum òg har slikt ansvar.

Kystpilegrimsleia med Halsnøy kloster som nøkkelstad

Kystpilegrimsleia startar i Egersund og endar ved Nidaros domkyrkje i Trondheim. Dette var i gamal tid det viktigaste pilegrimsmålet i Nord-Europa. I dag er dette ei reisestrekning i ville og vakre kystområde med store historiske og kulturelle verdiar. I dag reiser alle slags folk etter denne leia, med buss, bil, båt, eller dei går delar av turen til fots.

Kystpilegrimsleia vart godkjend som ein St. Olavs veg til Trondheim i desember 2017. Det er fire regionale pilegrimssenter etter leia, og til no 26 godkjende nøkkelstadar. Det vert no arbeidd med at Halsnøy kloster skal bli ein slik nøkkelstad. Dette er eit samarbeid mellom Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim, Vestland fylkeskommune, Sunnhordland Museum/Halsnøy kloster og Kvinnherad kommune.



Klosteret på Halsnøy Foto Kvinnherad kommune



Arkeolog Regin Meyer fra NIKU og Øyvind Særsten gjer små undersøkingar Foto Helen Pedersen



Huset og tunet på Halsnøy kloster Foto Helen Pedersen

## BÅTBYGGING OG FARTYBYGGING

I 1896 vart det gjort eit sjeldsynt funn på Bunes i Toftevågen på Halsnøya. På gjørmebotnen oppdaga Johannes Silseth frå Toftevåg spantet av ein båt. Datering syner at båten vart bygd i yngre romartid, mellom 270 og 400 e.Kr. Det vart teke vare på eit par bordgangar, ein keip og eit spant, som no er på Bergen sjøfartsmuseum.

Stadnamn og tufter etter skipsstøer i Kvinnherad fortel at her er det bygd farty frå viktigtida og mellomalderen. Det er funne båtsaum og anna som vitnar om fartybygging. Gjennom fleire hundreår ferdast utanlandske skip langs leida og inn i fjordane. Det var handel, men også trong for å få byggja farty. Kjelder syner at det er bygd småskip for eksport alt på 1400-talet, men òg til eige bruk. Det syner tingbøkene kring 1650 t. Det var ofte klinkbygde farty av typen jekt og åttering. Fartybyggjarane flytta frå stad til stad, såg seg ut ein lagleg vervaplass med tilgang til vyrket.

### Vervaplassar

110 vervaplassar vart registrert på kart og lagt ut på nettet med tilhøyrande informasjon i 2002. Det vart registrert beddingar som laga dekka farty, altså båtar over ein viss storleik. Somme av vervaplassane har hatt aktivitet heilt attende til 1700-talet, men det var på 1800-talet, med jekt-farten, at båtbygginga blømde i Kvinnherad. Det går fram av

registrering av vervaplassar i Kvinnherad.

### Fartybygging

Då stimane av atlantisk-scandisk sild frå ikring 1810 kom inn fjorden fekk det verknad ikkje berre for kosthald og fiskarar, men òg for dei som bygde skutene som førte silda. Det vart bygt sildejekter i størstedelen av Sunnhordland og Hardanger. Flest vart det bygd i Kvinnherad. Før 1850 fann ein størst aktivitet i Ølve og Hatlestrand og på Halsnøy. Mykje av bygginga føregjekk med material frå kjøparen sin skog og på hans grunn. Difor er det i svært mange viker i kommunen der det har vorte bygd ei skute eller to. Seinare i hundreåret utvikla det seg meir permanente vervar med, dei største på Opsonger, i Rosendal, på Halsnøy og på Ølve. Den mest kjende av skutene frå Kvinnherad er polarskuta «Gjøa», bygd av Gjøra-Knuten i Rosendal i 1872. Ho står i dag på Norsk Maritimt Museum på Bygdøy. Båttypane jakt og slupp vart erstatta med skøyte og kuttar. Tidleg på 1950-talet låg halvdelen av 38 registrerte fartybyggjeri i Sunnhordland, i Kvinnherad. Tre dominerte som byggjematerial fram til 1960-åra, for mindre farty noko lenger. Somme av vervane gjekk over til stål og sveis. Det gjaldt Gravdal, Skaaluren, Eidsvik, Hellesøy og Eide. Eit særleg produkt sette Kvinnherad på verdskartet. Lukka livbåtar i GRP-material (glasfiberarmert polyester), etter kvart

utvikla til «fritt fall-båtar» vart utvikla i Rosendal. Desse kom på ei tid då tryggleik på sjøen kom meir i fokus og cruise-fart og offshore-industri var i stor vekst.

Kvinnheradsfarty som er teke vare på er «Gjøa», «Gurine», «Lojal», «Urda», «Anne Margrethe», «Mathilde», «Hilt» og «Anna Rosa».

Båtbyggjarverkstaden på Ramsgrø gard

Båtbyggjarverkstaden på Ramsgrø gard er i privat eige og blir no restaurert. Dei har fått tildelt støtte frå Kulturminnefondet til dette arbeidet.



Kryssar bygd ny i Ølve i 1945, Foto Ukjend



Skipsgyggjarlag ved Skaalaverftet 1894 Foto Andreas Elias Røvde.

## 6.2. KULTURMINNE I NYARE TID

### ADEL, EMBETSMENN OG OFFISERAR

I slutten av mellomalderen var om lag ein tredel av gardane i Kvinnherad såkalla adelsgods. På 1500-talet finn me slektene Rustung, Dal, Haard, Kane osv. Ved giftarmål vart mykje av godset samla hjå færre eigarar. Far og son, Anders og Axel Mowat med setegard på Hovland på Tysnes, gjorde begge strategisk lukrative giftarmål. Då dei samstundes overtok mykje pantegods frå slekter som ikkje kunne innfri panta, sat dei ved midten av 1600-talet med det største privateigde godset på Vestlandet. Karen, dotter til Axel, vart gift med den danske adelsmannen Ludvig Rosenkrantz som fekk bygd eit slott på Hatteberg og fekk oppretta friherreskapet Rosendal med eigen birkerett (domsmynde). Godset hadde fleire eigarar oppgjennom hundreåra og vart i 1927 testamentert til Universitetet i Oslo. Den Weis-Rosenkronske Stiftelse, DWRS, er knytt til Universitetet i Oslo, og har no eigaransvar for slottet, parken og hagen, Treo, Fruehuset og Avlsgarden. Dei har òg eigaransvaret for kulturlandskapet som er knytt til Baroniet.

Embetsmenn på landsbygda i Noreg var skrivar, fut og sokneprest. I somme bygder var det òg kompanisjefar. Malmanger, Nedre Sandvik, Indre Fet (Dimmelsvik), Undarheim, Valen og Handeland hadde alle periodevis status som embetsmannsgardar. Klostergarden på Halsnøy var embetsgard for futen Andreas Juel, før han kjøpte garden privat. Hammarhaug var òg futegard, men hørte til Onarheim sokn på Tysnes fram til 1907. Embetsgardane særmerka seg med større hus, ofte med urban byggjeskikk. Kapteinsgarden på Nedre Fet (Uskedalen) er døme på slik arkitektur. Eit tilsvarande hus som hørte til same offisersslekta og stod på Litle Omvik, vart flytta til Onarheim på Tysnes og enda som prestebustad på Stord. Undarheim var offisersgard, men sorenskrivar Mons Lie hadde den midt på 1800-talet. Den gongen var det mansardtak, noko som ikkje var heilt vanleg på landsbygda. På Valen og Handeland sat det òg offisersslekter med staselege hus.

Kapteinsgarden i Uskedalen

Kapteinsgarden i Uskedalen har vorte restaurert det siste året, mellom anna taket. Garden er vedtaksfreda, og er i privat eige. Det er særst bra at taket er vølt, og at garden blir teken vare på.

Baroniet i Rosendal vert omtala i kapittel 5.8.

### JORDBRUK OG BYGGJESKIKK

Moreneryggar og grusterrassar som pregar dalføra i Kvinnherad, har gjeve gode tilhøve for jordbruket, sjølv om bratte fjellsider og vassrike elvar har vore årsak til fleire store ras- og flaumtragediar. I det gamle jordbruket var det klyngjetun med mange små bygningar, teigblanding, svelteføring av buskapen og årleg gjenbruk av dei same åkerteigane. Frå 1870-åra vart det fart i utskiftinga og kvar brukar fekk ei samla jordeige der han flytta ut bustadhus og driftsbygningar. Med samanhengande jordvidde fekk ein òg overgang til hestedrivne reiskapar og meir rasjonell drift av t.d. tresking og drøfting av kornet. Fesjå, som statssjåa på Husnes frå 1907, inspirerte til betring av husdyrrasane og meieria, som det kom fleire av frå 1890-åra. Dette gjorde det mogleg å auka mjølkeproduksjonen.

Fleirskifte av teigane, eller at dei kunne liggja brakk, gav meir næring til jorda og betre avlingar. Nye tiltak frå elite-jordbruket på stamhuset, som til dømes den store vassdrivne treskeinnretninga som skotten Peary anla ved elva på Hatteberg, fekk bøndene ikring til å leggja vatn i veiter slik at også dei fekk vassdriven tresking. Både på avlsgarden og andre gardar satsa ein på å betra dyrerasane. Eit minne er skulpturen av avlshingsten «Rosendalsborkjen».

Jordbruksskulen på Sandvik, 1849-1862, var den første landbrukskulen i Hordaland. Han inspirerte ikkje berre elevar, men også andre som vitja skulen. Av nyare landbruksreiskap som skulen produserte for sal, lyt ein tru mykje hamna på gardane ikring. Christoffer Hoelfeldt Lund fekk utdanning på landbruksskulen. Han kjøpte seinare embetsgarden Undarheim som han utvikla til eit høgt nivå, og dreiv mellom anna jenteskule med opplæring i fjøsstell og meieridrift.

Moderniseringa av jordbruket innebar òg nye driftsbygningar. Dei store løene som har prega mestedelen av det 20. hundreåret, romma alle dyreslag og all avling. Ikkje minst var gode gjødselkjellarar viktig. Den store løa som vart bygd på Juel-garden i 1890 var truleg eit føredøme for mange, men i mindre storleik. Frå 1970-talet vart det bygd nye siloar for fôr og gjødsel, og nye fjøs. Nokre tiår seinare vart det rundballane som dominerte i gardslandskapet.

Bustadhusa endra seg tidleg på 1800-talet, frå opne røykstover til samanbygde stover, kammers og sengebu. Museumstuna Gjerde, Nistovo og Rød, er døme på tre stadium i denne utviklinga. Frå 1860-talet ser ein påverknad av urban byggjeskikk med symmetrisk



Interiør  
Kapteinsgarden  
Foto Grenda  
Morten Nygård



Kapteinsgarden  
Foto Grenda  
Morten Nygård

plan, fleire rom i breidde, lem og kjellar. Seinare i hundreåret kom sveitserstilen med utstikkande møne, veranda, ark og profilerte bjelkar. Mange av gardshusa i Kvinnherad har desse stildraga.

- Rekkjetunet på Eikenes i Gjetingsdalen
- Gjerdetunet i Mauranger
- Hauahuset i Omvikdalen
- Nistovetunet i Omvikdalen
- Bygdetunet Rød/Dønhaugsamlinga i Uskedalen
- Kyrkjehustunet på Hatlestrand
- Gjuvslandslia på Varaldsøy (sag og utløer)
- Prestegarden i Rosendal
- Juel-garden på Halsnøy – Storaløo.
- Onarheim Gard på Husnes
- Doktorgarden i Rosendal
- Skorpotunet

Rekkjetunet på Eikenes vart delt i 1757, men det eine bruket er framleis i bruk, som eit levande kulturminne i Kvinnherad kommune. Fleire av husa er restaurerte, og seinast i 2020 vart eit av taka restaurert.

Gjerdetunet, Hauahuset og Nistovetunet er ein del av Sunnhordland Museum, og vert ivaretekne av denne institusjonen.

Dønhaugsamlinga vart gjeve i gåve til Kvinnherad kommune i 1969. Samlinga vart lagt til Bygdetunet Rød i 1984. I dag er det sporadiske besøk av skuleklassar, og det hender lag og foreingar kjem på vitjing. Ein bør sjå på vidare drift av dette bygdetunet. Det er særst stort behov for restaurering av tak på uthus og restaurering av kverna. Dette vil verte ein naturleg del av ein strategi for drift og skjøtsel av dei kommunale samlingane.

Kyrkjehustunet på Hatlestrand er eit verneverdig gardstun og er i privat eige.

Gjuvslandslia på Varaldsøy

høyrer til garden Gjuvsland, og omfattar sju teigar i den bratte lia ned mot fjorden. Her er det sag og utløer.

Prestegarden i Rosendal er fredda og er i privat eige. Her er eit restaureringsprosjekt planlagt.

Juel-garden på Halsnøy er verneverdig, og er i privat eige. Den store løa er ein av dei største og flottaste løene i Sunnhordland.

Onarheim gard på Husnes er verneverdig og er eigd og ivareteke av Hydro Husnes.

Doktorgarden i Rosendal med tilhøyrande hage og prydfuglhus er ein del av eit verneverdig arkitektonisk særprega bygningsmiljø i Rosendal. Eigedommen er i privat eige.

Det har truleg vore drift på garden Skorpo i mange hundre år, og det er ei lang og omfattande historie omkring garden i alle desse åra. Husa i tunet står i dag tomme og drifta av jorda er leigd ut.



Kirkhustunet  
Foto Kvinnherad  
kommune

## Stølar og setrar

I Kvinnherad finn ein spor av ei rik historie knytt til stølsdrift. Steinmurar i fjellet og minner om sel og støsliv møter ein når ein vandrar i fjellet på gamle vegar og stigar. Nokre av dei gamle stølane har vorte restaurert og vølt til turhytter kor ein no kan kvila på turar i marka og i fjella. Ein meiner det har vore over 200 stølar og setrar i Kvinnherad. Stølane var ein viktig del av gardslivet og landbrukssnøringa i kommunen vår.

I dag er det restaurert seterhus på Midtsetre, som ligg i Melsdalen, Kjeldestøl i Skåladalen, Dyrrindo, stølen i Bergsdalen, Vardhaugsetlet, Olderbotten og Bjørndalssetra.

Det er ingen stølar og setrar som er aktuelle å ta med i handlingsplanen for dei neste fire åra, men det er ynskje om å lage ei ordning der stølar og setrar kan bli turmål i friluftslivssamanheng. Stølane og setrane som er med i boka «stølar og setrar i Kvinnherad» er kartfesta (kommunekart).

## Naust

Eitt av dei vanlegaste husa i sjøkanten er naust. Ordet tyder «der båten står». Båt, stø og naust er langt på veg å rekne som eit bygverk, - dei høyrer saman. Båten kan ikkje eksistere utan naust, og hus i sjøkanten utan stø er ikkje naust. (Jf. Kysten, utgåve 4-2020)

Hovudsakleg har det vore tre typar naust i Noreg, - grindanaust, tømmernaust og steinnaust. Materiale vart oftast det som var tilgjengeleg lokalt, ein bygde av det ein hadde. Grindkonstruksjonen var vanleg her i Kvinnherad, og gjerne med skifer på taket. Det krev mindre trevirke dersom tømmer og reisverket er sett saman av grunder som er like høge som naustet. Ytterveggane er for det meste kledd med ståande bordkledning.

Fordi det har vore mange vervaplassar og båtbyggjarhallar i Kvinnherad, er det òg mange naust her. Nokre få har vern, men dei fleste nausta er av yngre dato er gjerne registrerte i SEFRAK-registeret. Verneverdien dei har skal vurderast før det eventuelt blir gjeve løyve til å endre, flytta eller rive nausta.

I Kvinnherad er det tre naust som er verna ved freding:

*Baroninaustet i Rosendal* som er forskriftsfreda

*Steinnaust i Sunndal* som er automatisk freda

*Naust på Fjelberg prestegard* som er vedtaksfreda



Seimskvedno  
Foto Kvinnherad  
kommune



Kjeldestølane  
Foto Kvinnherad  
kommune

## TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE

Den eldste utnyttinga av vasskraft er bekkverkane. Dei går tilbake til mellomalderen og vart ein føresetnad for det norske «nasjonalbrødet» - flatbrødet. I 1723 vart det registrert 47 kverner i indre Kvinnherad, mellom Gausvik og Fet. Kvernene representerer ei viktig side av den tidlege teknologien på landsbygda. Men det er få att i kommunen i dag. Av dei ni kvernhusa som høyrde til Skålagarden, vart åtte tekne av storflaumen i 1940. På museumstunet Rød er det sett opp ei kvern som vert nytta til demonstrasjonar. Det er framleis materielle og immaterielle minne etter mange kverner i Kvinnherad. Større drift var det på møllene på Sunde og ikkje minst på Seimfoss.

Den vassdrivne oppgangssaga er på Folgefonnhalvøya kjend tilbake til 1500-talet. Dei største sagene i Kvinnherad låg på Ænes og Valen. Mange nye sager vart skipa på 16-1700 talet då trelasteksporten ut av landet, Skottehandelen, var på det høgaste. Utover 1800-talet var det stor etterspurnad etter plank og bord til skipsbygginga. Hans Gravidal flytta verven frå Halsnøy til Opsonger mellom anna på grunn av vassfallet. Vervane på Øyro i Ølve hadde ikkje sag og dei laut fløyta tømmeret til sagene på hi sida av fjorden. I Rosendal har ihuga entusiastar restaurert den gamle Vangssago, no plassert noko høgare oppe i elva.

## Vangssago

Vangssago er ei oppgangssag frå 1875. Det er ei såkalla rammesag med mange blad. Saga er bygd på ein solid gråsteinsmur, med helletak. Saga vart driven av eit undervasshjul (ein kvernkall). Tømmeret vert drege opp med eit overvasshjul (ei vassmerr). Saga var i full drift til i 1930-åra. I 1997 vart saga flytta. Nærleiken til Mehlselva og Steinparken gjev saga ein svært sentral plass i kulturlandskapet. Rennande vatn, vasshjulet som sviv rundt og lukta av nyskore tømmer gjev ei spesiell sanseoppleving.

## Seimskvedno

I året 1209 er «myllnu stade» nemnt i eit diplom frå Aga. Kor tid den fyrste kverna på Seim vart teken i bruk er ukjent.

–Det vart sagt at bøndene fylte teina med ein sekk korn, og så gjekk dei heim og mjølka kyrne. For då visste dei nøyaktig kor lang tid dei hadde før malinga var ferdig. Det har vel vore kvern her så lenge det har budd folk på Seim, i større eller mindre grad, seier Sigurd Seim.

Dagens kvernstein er frå 1920-talet. Det vanlegaste var å bruka naturstein, men steinen på Seim er støypet i betong sidan det var ei

industriVERN. Bøndene på nabogardane hadde elles eit fast ritual når dei skulle mala korn. Stordomstida for Seimskvedno, eller Seims Mølle som ho også vart kalla, var under krigen. Då bestemte den tyske okkupasjonsmakta at denne kverna skulle ha all maling i både Kvinnherad, Kvam og Ullensvang. Kverna, med renne og turke, vart restaurert i 2011.

#### Stampe og kvedn i Omvik

Vadmél har vore klede til folk i uminnelege tider. Saueull vart vove og deretter tova for å verta mjukt og betre halda veta ute. Frå gamalt av var dette eit tungt arbeid som vart gjort for hand. Den vassdrivne stampa var eit stort framsteg. No vart dette eit eige fag som gjerne mennene tok seg av. Krafta kom frå vatn og eit overfallshjul. Då ullvarefabrikkane kom tok dei over for gardsstampene.

Stampe og kvedn er ein heilskap - eine bygningen forsterkar inntrykket av den andre. Slik også i drifta. Omvik stampe- og kvednalag tenkjer at drifta må tuftast på minst fire aktivitetar; samarbeid med skule, turisme, samarbeid med Sunnhordland museum og samarbeid med lokale turistverksemder.

Ny plassering av stampe og kvedna vil også gje køyrande, og særskilt vandrande, ei fin oppleving. Med arrondering av arealet rundt, og god tilkomst til bygningane, vil dette kunne verta ein ny kvilestad i dalen.

Ei restaurering og drift av stampa og kvedn vil vera eit viktig visuelt og kulturelt innslag både for omvikdølar, kvinnheringar og tilreisande. Turisme er i dag ei næring i vekst og nærleiken til Rosendal som merkenamn kan vera positivt for ei framtidig drift.

#### Gardssagene i Ølve og på Hatlestrand

Det står mange sager og sagtufter att i dei skogrike bygdene våre. Murane etter tre oppgangssager er verdfulle kulturminne. Lagmannen si sag på Slagget frå ca. 1540, Kvitebergssaga og saga i Dalen som begge skriv seg frå 1700-talet eller tidlegare. Det er ynskje om å framheva historia til dei gamle gardssagene i Ølve og på Hatlestrand i samarbeid med redaksjonen i Bygdadrøso.

#### Oppgangssag på Varaldsøy ( i Gjuvslandslio kulturlandskap)

Ikkje berre utslåttane og beitemarkene har høyrte til fellesressursane på Gjuvslandsgarden, men òg sagbruket. Fire bruk er partseigarar i den vassdrivne saga. Sagrettane høyrer med til utskiftingsgrunnlaget for bruka, delt med ein fjerdepart på kvar: dei tre første dagane i veka i annankvar månad på eitt bruk, dei tre siste dagane i veka på det neste. Saga vart driven av eit stort underfallshjul som fekk vatn frå ei lita demning i elva ovanfor. I dag står det ei sirkelsag



Bakstehellebrot  
i Fuglebergåsen  
Foto Eva Røyrane

her. Tidlegare var det ei oppgangssag. I 1603 veit vi at det var sag på Gjuvsland. I dag er det berre få att av desse sagene. Gjuvslandssaga er siste fase i ei lang teknologisk utvikling gjennom meir enn 400 år.

#### GRUVEDRIFT OG STEINBROT

##### Bakstehellebrot

Ved utgravingar i dei norske mellomalderbyane er det funne store mengder med fragment av baksteheller. Ein stor del av desse er spora attende til Ølve og Hatlestrand. Det er kartlagt meir enn 50 hellebrot i Fuglebergåsen, på gardane Tufta og Fugleberg, og meir enn 20 på garden Netland på Hatlestrand. Ingen annan stad i landet er det funne eit større produksjonsområde for baksteheller enn her.

Arkeologiske utgravingar fortel at det er hogge baksteheller or klorittskiferen i Fuglebergåsen sidan fyrst på 1000-talet. Produksjonen føregjekk i fleire hundre år, uvisst kor lenge, men kanskje fram til på 1600-talet. Steinhellene, som ferdig forma oftast var runde, ca. 30 cm i diameter og 1 cm tjukke, var i bruk til matlaging blant folk flest fram til jarnommen vart vanleg. Klorittskiferen tåler oppvarming utan å sprekkja. På hellene steikte dei brød og truleg også annan mat.

Helleproduksjonen endra landskapet. Framføre hellerane ligg store haugar skapte av avfall frå hellehogginga. Hellerane går på det meste 30 meter innover i fjellet, dei fleste er grunnare. Hoggespora som står att etter hellehoggarane er synlege over alt, men minst i dei hellerane der det etter bakstehelleproduksjonen er teke ut murstein og takheller.

Ferdige baksteheller vart transporterte ned lia til Kvitebergsvatnet, frakta på båt til enden av vatnet og derifrå langs elva ned til fjorden ved Slagget. Kanskje var det jordeigande kloster og kyrkje som fekk bøndene til å hogga heller og som stod for sal og distribusjon av bakstehellene. Fleire av gardane med hellebrot låg under Halsnøy kloster.

Dei største hellebrota i Fuglebergåsen er Bakkhidlaren, Areskorshidlaren og Hellebergshidlaren. Sistnemnde er i dag nytta til konsertar ein gong kvar sommar. Skogsområdet hellebrota ligg i bør få ein type vern som sikrar at ikkje skogsdrift og annan aktivitet skiplar det spesielle landskapet.

Det er planar om betre skilting til gruvene og bakstehellebrota. Skiltinga skal samordnast med Geopark Sunnhordland då bakste-



hellebrota i Fuglebergsåsen og gruvene i Dalen og Attramadal er besøksmål i geoparken. Kunnskap om helleberget blir formidla gjennom gaida turar og ved hjelp av ein informasjonsfaldar med kart som viser veg til kulturminna.

#### Gruver

I den store skjerpetida etter 1860 vart det òg oppdaga svovelkis på Valaheia på Varaldsøy, der eit engelsk selskap hadde drifta i nokre tiår. Etter 1. verdskrig låg drifta nede. På 1950-talet vart det gjort nye investeringar utan at produksjonen tok seg særleg opp. På nordsida av fjorden frå Varaldsøy til Moster går eit belte med marmor og kalkstein. Langs heile beltet finn ein brot og stadnamn som vitnar om kalkdrifta. På Halsnøy har ein «Kalkomnen» som stadnamn. På Borgundøy er det restar etter ein slik omn. Størst og lengst drift var det på øya Hidle som høyrer til Kloster. Der var det bryting og brenning av kalk fram til 1960-åra.

#### Valheia gruver

Valheia gruver på Varaldsøy stammar i hovudsak frå siste delen av 1800-talet, og var i drift frå om lag 1866. Dalande prisar på svovelkismalm reduserte aktiviteten, og frå slutten av 1800-talet var det drift i periodar, med størst drift under 1. verdskrig.

#### Gruvebygdene Ølve og Hatlestrand

Ølve er den eldste gruvebygda på Vestlandet med aktivitet frå 1642. I periodar på 1600-, 1700- og 1800-talet var det drift etter jernmalm, koparkis og svovelkis ved fleire ulike gruver i Dalen og i Attramadal. I Dalen vart det sprengd med krut i 1655, for første gong i Noreg. Der var det drift til 1912 og ny prøvedrift i nokre år på 1950-talet. I Attramadal var det drift etter svovelkis fram til ca. 1920.

Begge stader har spanande gruvelandskap med usikra opne gruver, store steintippar og ruinar etter smier og andre driftsbygningar. Her ligg overgrodde jarnbanespor, oppmura driftsområde og vegar bygde for kistransport. Koparkisen vart frakta til Slagget ved Hyttevågen inst i Ølvesvika. Der hadde koparverket smeltehytte i drift til slutten av 1700-talet. Staden Slagget har fått namn etter avfallet frå koparsmeltinga. Elva ned frå Kvitebergsvatnet heiter Hytteelva. Naustplassen ved elveutløpet ligg på slagghaugar etter smeltinga. Svovelkisen vart eksportert til industribruk i England og Tyskland. Like austom brua over elva på Slagget ligg gullgruva. Der var det drift i åra 1885-87, dei fann gull, men for lite til at det svara seg med vidare drift. Det finst fleire område kor det har vore uttak av stein på Hatlestrand. Ved Mannahidlaren og Båtlahidlaren i Netlandsvågen har det over tid har vorte hogge ut mykje stein



Vi byggjer oss ein båt med Bjørn Arve Lunde og Johanne Øvstebø Tveten. Foto Helen Pedersen

Skogsområda i Dalen/Dyråsen og Attramadal bør få ein type vern som sikrar at ikkje skogsdrift og annan aktivitet skiplar det spesielle landskapet. Gruvane er usikra. Det er sett opp skilt som varslar om dette, og om at ferdsel i områda skjer på eige ansvar.

Kunnskap om gruvehistorie blir formidla gjennom gaida turar og ved hjelp av ein informasjonsfaldar med kart som viser veg til kulturminna. Fotoutstillinga «Spor i berg» som handlar om gruver og bakstehellebrot i Ølve er sidan sommaren 2019 vist i Ølve, Moster Amfi, Folgefonnsenteret og i Kvernsteinparken i Hyllestad.

#### HERMETIKK OG FISKEFØREDLING

Saltlake i tønner var vanlegaste konserveringsforma for sild. Dei gode kastevågane i Kvinnherad, t.d. Matre- og Landavågen, hadde store mengder lokal sild og brisling. Haktor Thorsen var handelsmann og fiskeoppkjøpar på Sunde og freista i 1850-åra å leggja ned brisling som ansjos i tre- og blekkøskjer. Då han nokre år seinare fekk importert ein falsemaskin frå Sverige, var det eit steg vidare til å utvikla Sunde som industristad. Svigerson hans bygde ut og moderniserte verksemdene, og opp mot hundreårsskiftet var det fleire hermetikkfabrikkar, nøkkelfabrikk (til blekkøskjene) og sildoljefabrikk i strandstaden. Stavangerkonsernet Chr. Bjelland overtok hermetikkdrifta på Sunde i 1914, og drifta heldt fram til 1988. Seinare har det vore fiskeslakteri i lokala. Bjelland hadde òg ein hermetikkfabrikk i Herøysundet.

Handelsmann Ivar Arnesen i sette i gong hermetikkfabrikk og sildoljefabrikk i Uskedalen kring 1900.

Hjønnevåg Fiskemat er ei moderne foredlingsverksemd som i dag held til i Uskedalen. Hovudproduktet er fiskekaker. Andre generasjon av gründerfamilien har no overteke denne drifta.

#### Sunde kyst- og litteratursenter

I 2010 kjøpte Kvinnherad kommune Bergslagen. Stiftinga Sunde Kyst- og litteratursenter, som no har kjøpt staden attende frå kommune, ynskjer å ta vare på den rikhaldige kystkulturen. Vern ved bruk, og nytenking om formidling av kystkultur og litteratur er viktig for eigarane. Dei byggjer opp og restaurerer Bergslagen og det er eit stort lokalt engasjement om prosjektet.

#### Bøkkerverkstad i Uskedalen

I dette huset med den store og dominerande skorsteinen gjekk det føre seg produksjon av tønner frå sist på 1880-åra til fyrst på 1920-talet. Slik tønneproduksjon har vore viktig for mange lokal-samfunn langs kysten. Gode fangstar av sild ga grunnlag for næringa. Særleg gjorde gardar med skog det godt på denne tønneproduksjonen, og på einskilde bruk haldt det fram til 1940-åra.



Husnes i gamle dagar  
Foto Åsmund Kåre Rørvik



Husnes i dag  
Foto Åsmund Kåre Rørvik

Bøkkerverkstaden er i privat eige, og Kvinnherad kommune har leigeavtale om bruken av verkstaden til formidling. Bøkkerverkstaden vart opna som museumshus i 1995. Kommunen har samarbeid med Sunnhordland museum som nyttar denne tønneverkstaden til formidling av båtbygging med meir. Prosjektet «Eg byggjer meg ein båt» har år om anna vore ein populær læringsarena med støtte frå «Den kulturelle skulesekken». Kvinnherad kommune har avtale om leige av Bøkkerverkstaden til formidling av kulturminne.

### VASSKRAFT, EL-KRAFT OG TUNGINDUSTRI

Landskapet i Kvinnherad ligg godt til rette for utnytting av vasskraft. Mest all busetnad er omgjeven av høge fjell som får regnskylene vestfrå til å sleppa nedbøren og fylle elvar og bekkar. Kombinasjonen høgfjell og mykje nedbør er òg føresetnaden for breen mellom Kvinnherad og Hardanger, Folgefonna, som igjen er føresetnaden for dei største el-kraftutbyggingane i kommunen.

Dei første elektrisitetsverka i Kvinnherad kom på Sunde i 1908. Hermetikkfabrikkeigar Hermann Valvatne og skipsbygger Hans Gravdal stod bak tiltaka. To år seinare kom elektrisitetsverket på Valen sjukehus og nokolunde samstundes Vodlaverket i Rosendal. El-krafta var tenkt til institusjonar og industri, men gav òg høve til lyspærer for private i nærområdet. Det første kommunale tiltaket var Muradalsverket. Elektrisk lys i heimen vart for mange den største opplevinga av «modernitet» på landsbygda i Noreg. I industrioptimismen kring 1. verdskrig vart det planlagt storutbygging av el-kraft i Matre. Det var planar om kraftstasjonar, fabrikkar og bustadar til «Blåfoss By». Tiltaket vart verande på teiknebordet. I 1946 var det Sunnhordland Kraftlag, SKL, som fekk realisert stabile straumleveransar til heile regionen med utbygging av kraftstasjonar knytt til dei store vassmengdene under Folgefonna. To tiår seinare bygde Statkraft nye verk under isen i Mauranger. Straumen gjekk til eit nytt aluminiumsverk på Husnes. Kvinnherad opplevde si største industriutbygging til dess, Husnes-byen vaks fram og regionen Husnes-Valen vart største busettinga i kommunen.

### Valevassdraget

Stemmastølen er namnet på eit elveskilje i Valevassdraget. Alt på 1600-talet vart det på denne staden laga kunstig oppdemming av elva og vassveg over myrane, slik at noko av vatnet vart ført ned til Valegarden, og ikkje berre til Handeland. Elva frå Valedalen fylgde opphavleg dalføret innanfor Valegarden si grense, men bøygde naturleg av og rann ned i Handelandsdalen og skifta då namn til Tverrelva, som renn ut i Handelandselva ved Padl. Slik

sett var det gardane på Handeland og Sandvoll som nytte godt av vatnet, som hadde kjelda si på Valegarden sine skog og fjellområde. Reguleringa gav Valegarden vatn til sag, mølle og stampe i Sørevalselva, og endeleg vatn nok til å forsyna eit nytt asyl med elektrisk oppvarming i 1910.

Hovudmagasinet for kraftverket på Valen vart bygd 1909 -10, og utvida i 1919 og 1939. Større arbeid og endringar utført 2019. Valestiftinga har sidan 2005 hatt tilsynsansvar for den gamle kraftstasjonen. I eit lokalt prosjekt vart det frå arkiv og lager samla inn dokument, teikningar, bilde, kart og materiell for dokumentasjon av kraftutbygginga og drift av stasjonen gjennom nærare hundre år. Dette materialet har vore grunnlag for den rapporten som NVIM på oppdrag frå fylkeskommunen laga i 2017. Samling av gjenstandar og materiell frå drift og anlegg i mange år er lagra her.

### Hydro Husnes

Hydro Husnes, tidlegare Sør-Norge Aluminium, SØRAL. Dette er eit aluminiumsverk som vart etablert i 1962. Verftet kom i produksjon i 1965. Hovudeigaren var i starten sveitsiske Alusuisse, men Norsk Hydro eig no alt, og SØRAL har no namnet Hydro Husnes.

Hydro på Husnes er eit av fleire døme på korleis aluminiumsverk har lagt grunnlaget for utbygging og tilflytting til kommunar og bygder i Noreg. Hydro Husnes er òg den fjerde største aluminiumsproduzenten i Noreg, med 327 tilsette. I 1965 var det om lag 9800 innbyggjarar i kommunen, men ny riksveg, kraftlinje og industri ført til at jordbruksbygda etter kvart vart eit industrisamfunn. Husnes er i dag den største bygda i Kvinnherad, og Hydro er framleis særskilt viktig for Husnes og for kommunen.

### FORSVAR OG KRIGSMINNE

Kvinnheringar fekk merkja krigsåra, 1940-45, på same vis som nordmenn flest - med ressursmangel, uvisse, og i somme bygder dagleg omgjeunge med okkupantane. Truleg var ikkje Kvinnherad, som ein av dei største jordbruks-kommunane i Hordaland, verst stilt på matfronten. Radioapparata vart inndregne, men somme gøymde unna. «Radiohola» i Høylandsbygd på Halsnøy vart samlingsstad for dei i bygda som ville høyra nytt frå England. Ved to høve kom krigsbrutaliteten nærare. Det var ved krigsutbrotet då norske marinebåtar som skulle vakta innseglinga til Hardangerfjorden og jernbanen frå Granvin til Voss, låg i området utanfor Uskedalen. Meir moderne tyske skip søkkte torpedobåtane «Stegg» i Herøysundet og «Sel» ved Ånuglo. «Tyr» låg skadd i Uskedalen og vart overteken av okkupantane saman med to andre skip. Det lokale skyttarlaget vart mobil-



Brevandring anno  
2021 Foto Vilde  
Braanaas



På Fonna Foto  
ukjend

isert og saman med landsette marinesoldatar kjempa dei mot tyske troppar, men laut trekkja seg attende. På Valen sjukehus bygde dei eit naudlasarett. På trass av skyting med handvåpen og mitraljøser vart det ikkje større tragediar.

Den neste hendinga kom i 1943. Norske agentar frå England låg i dekning på garden Grønstøl på Sunde. Ved ein uventa rassia vart dei arresterte. Ein av dei skaut vaktene og kom seg unna. Ein lokal motstandsmann rømde òg, men kom attende og levde gøymt på loftet hos grannen til krigen var slutt. Bonden på Grønstøl døydde i tysk konsentrasjonsleir. Familien hans vart sende til norske fangeleirar. Det vart også rulla opp rømmingsruter mellom anna med rutebåten «Åkrafjord», der kapteinen vart teken og seinare omkom i tysk konsentrasjonsleir. Største faren i dette høvet, var om represaliane skulle verta som i Telavåg. Men det slapp ein.

Det er skrive fleire bøker og minneartiklar om krigstida i Kvinnherad. Boka «Kvinnheringar i krig» tek føre seg alle som var med i sjølve krigshandlingane. Ingen av krigsminna har formelt vern av noko slag. Lokale lag og foreiningar driv skjøtsel, restaurerer og vøler desse minna.

### BRE, FERDSEL OG TURISME

Ferdslar over fonna for folk og fe er eit gammalt fenomen. Der gjekk både dyr til beite og menn på friarføter. Sal av isblokker frå Bondhusbreen på 1800-talet vart berre med eit par freistnadar. Vatn frå breen har, som nemnt ovafor, gjeve heilt andre resultat. Vandring på breen av estetiske og sportslege årsakar kom med engelske turistar dei siste tiåra av 1800-talet. Odda vart senter for denne turismen. Fossar, bre og dramatisk landskap var trekkplasteret. I 1880-åra byrja turistskipa gå innom Sunndal i Mauranger og sette i land dei passasjerane som ville gå over fonna til Odda. Inst i Sørfjorden kom fleire til dels store hotell. I Sunndal bygde Erik Gausvik eit hotell nede ved dampskipskaien. Breføraren Godtskalk Gjerde sette opp eit tohøgda loft på garden for å hysa turistane. Han vart den mest legendariske av breførarane og var òg patentfører for Den Norske Turistforeininga. Han fekk stønad til å utbetra brevegen frå Nordrepollen. Men den mest populære vegen gjekk frå Bondhusdalen. Med stønad frå «Deutschen Nordlandsverein» vart den såkalla «Keisarstien» bygd i 1890-åra. På den kunne turistane ri til breen og så i slede over. Denne intensiveringa av ferdsla fekk ein slutt med fabrikkutbygginga i Odda som gjorde staden mindre attraktiv for turisme. 1. verdskrigen sette full stopp for denne delen av reiselivet.

Sundal Hotel og landhandlarstad/Hardanger Fjord Lodge

Sundal hotell og landhandlarstad er ikkje freda, men omtala i Askeladden som særskild verneverdig. Frå midten av 1800-talet vart Folgefonna for alvor ein turistattraksjon, særleg for tyskarar og engelskmenn. Dei store turistskipa byrja å gå inn i Maurangerfjorden i 1880-åra. Det var hesteskysssturar opp Bondhusdalen og turar over Folgefonna turistane kom for å oppleve. Dei kom i store turistdampbåtar, gjerne tre båtar i veka, og det gav mykje inntekter til bygda i dei åra det varte. Hotellet vart bygd i 1889, og ny krambu på kaien i 1886. Det har vorte drive landhandel i ei bu som var kjøpt på Tysnes. Kaien førte til at rutebåtane kom oppom, og det vart postkontor der òg. Rutebåtekspedisjonen var knytt til landhandelen, og telefonstasjonen høyrde heile tida saman med landhandelen.

I dag er det gamle hotellet vorte til Hardanger Fjord Lodge. Det er restaurert, og er i drift med nye eigarar. Dei har fått mykje støtte frå Kulturminnefondet til dette arbeidet. Det har vore viktig å få fram historia rundt kulturminna og å fokusera på vern gjennom bruk. Vedlikehald og restaureringar er utført i tråd med opphavlege tradisjonar og handverksteknikkar.

### SJUKEHUS

I 1910 vart Hordaland fylke sitt første psykiatriske sjukehus skipa på Valen. Det var ein stor helseinstitusjon med pasientar i fokus. Men for lokalmiljøet var det først og fremst eit stort bygningskompleks, ein stor arbeidsplass, den største gardsdrifta i regionen, mogleg for private å leige ut rom - noko som påverka byggjeskikken og gav høve for unge å få deltids- og feriearbeid. Eit argument for plassering av sjukehuset på Valen var tilgangen på vassfall og elektrisitetsutbygging. Den første kraftstasjonen er i dag verna og tredje stasjonen er i drift - frå 2008. Utover i hundreåret opplevde mange som budde på Valen ein sterk integrasjon mellom det private livet og institusjonen. Der var arbeidsplassen, handelen t.d. i gartneriet, og ikkje minst dagleg møte med pasientar - noko som auka toleransen for personar med psykiske lidingar. Arbeidsterapi stod i mange år høgt på Valen sjukehus. Historia til Valen sjukehus blir i dag formidla gjennom sjukehussamlinga, som vart etablert i 2010. Valestiftinga har ansvaret for drift og formidling av denne samlinga. Delar av kulturmiljøet Valen sjukehus er freda.



Skulemeistaren  
ved trøorgelet  
Foto Kvinnherad  
kommune

### Skulesoge

Omgangsskulen vart i Kvinnherad skipa etter lova av 1739. Då skulelova frå 1860 sette krav om eigne skulehus, vart det bygd i dei ulike grendene, i alt ni innan 1863. Skulehuset i Rosendal, ei gåve frå M. G. Hoff Rosenkrone, kom alt i 1846. På 1800-talet vart det gjennom amtet og private sett i gong fleire tiltak med vidaregåande utdanning: Jordbruksskulen i Sandvik (1849-1860), Presteseminar for omgangsskulelærarar på Fjelberg (1860-1865), Rosendalskulen, framhaldskule (1875-1894), Studentkurs på Sandvik (1871-1881), Husmorskule på Undarheim (1879-1899), Husmorskule på Ænes (1905-1917), Lærarineskule i Ølve (1876-87), Folkehøgskule på Kloster (1868-86). Sunnhordland Folkehøgskule vart skipa i 1914 og heldt til på Kloster, Halsnøy.

Kvinnherad si skulesoge er teken vare på i Skulemuseet på Haugland, gamle Brekke skule frå Fjelberg som står i Sunnhordlandstunet i Leirvik og (vonleg) Haugestova der den første folkehøgskulen heldt til, på Kloster på Halsnøy.

### Haugland skulemuseum

Haugland skulemuseum er eigd av kommunen, og det er viktig at dette blir teke vel vare på og vedlikehald utført. Haugland skulemuseum vil vera ein del av Kvinnherad kommune sin strategi for vern og bruk av samlingane i kommunalt eige/museumsstrategi.

### LAG, FORSAMLINGSHUS OG FRIVILLIG ARBEID

Dei første organiserte laga i Kvinnherad var religiøse foreiningar knytt til «Sørhordland, Hardanger og Voss Indremissions Fællesforening», skipa i 1864. I 1870 kom «Kvinnherad Folkeforening», eit lag med folkeopplysingsføremål. Opp mot hundreårskiftet kom det lokale samlingar og samtalelag, både med kristelege og sekulære føremål. Forfattaren Jens Tvedt leia eit slikt i 1880-åra. Ungdomslag, fråhaldslag og songlag, og etter kvart også musikklag, vart det fleire av på 1900-talet. Omvikdalen Ungdomslag, skipa i 1888, var det første ungdomslaget i Hordaland. I mellomkrigstida var det fem slike lag i kommunen og fire av dei hadde eigne lagshus. Bedehus og losje-hus var det òg fleire av. Turnhallen i Rosendal var den første av sitt slag i Sunnhordland, og hadde bakgrunn i eit aktivt turnmiljø med prestasjonar på landsnivå. Dei siste tiåra har det kome kommunalt kulturbygg på Husnes og kulturhus/samfunnshus som lutlag i Rosendal og på Sæbøvik. Seinast er nytt kulturskulebygg på Husnes, organisert saman med kulturhuset.

Lag med føremål om lokal vernevøla har god oppslutning i dag. Vallestiftinga, restaurering av den gamle postvegen og fleire av setergrendene i Kvinnheradjella, er døme på dette. I same leia er arbeidet til Kystlaget, restaureringa av jakta «Gurine» og Sunde kyst- og litteratursenter på Sunde.

### 6.3. IMMATERIELLE KULTURMINNE

Viktige område innan dei immaterielle kulturminna kan vera stadnamn, bunad/lokal draktskikk, lokale mattradisjonar, lokale folkemusikktradisjonar, eventyr og segn.

#### Kvinnheradsbunaden

Kvinnheradsbunaden er eit kulturminne, ein arv som ein ynskjer skal leva vidare. Kvinnheradsbunaden har bakgrunn i klesdrakta som vart brukt i bygdene her i førindustriell tid. Mannsdrakta er rekonstruert etter eldre plagg, medan kvinnebunaden synleggjer ein uavbroten tradisjon, noko som gjer bunaden ekstra verdfull. Bunadstradisjonen er ein viktig del av kulturarven vår. Han er ei vidareføring av handboren kunnskap, kunnskap om materialbruk og framgangsmåte, slik dette har vore overført frå mor til dotter, frå generasjon til generasjon. For at handarbeidet skal lærast vidare, må ein inspirera og gjera informasjon om bunad og draktskikk tilgjengeleg. Omvikdalen bygdekvinneleg har gjeve ut boka «Kvinnheradsbunaden – ei kulturhistorisk reise». Kari Fedt Haugsbakk har skriva boka i samarbeid med Åslaug Snilstveit, som har formgjeve bunadsboka, og fotograf Bjarne Øymyr.

#### Stadnamn

Stadnamn er det språklege bindeleddet mellom menneske og stadane, og har ein historisk dimensjon ved at dei fortel om tilhøva på staden den gongen dei vart til (onomastikk). I tillegg er dei eitt av få immaterielle kulturminne som har ei tydeleg stadfesting og som dermed kan kartfestast.

Kvinnherad sogelag skriv og rettar gamle stadnamn, og får dei nedskrivne på rett plass på kartet.

På 1970-talet vart det sett i gang arbeid med innsamling av lokale stadnamn i Kvinnherad. Kommunen vart inndelt i områder, der personar med særleg god kunnskap om lokale namn var innsamlarar/kontaktpersonar. Inndelingane gjekk etter gardsgrensar og områder dei lokale innsamlarane hadde ansvar for, var eitt eller fleire gardsnummer. Alle namn vart førte på innsamlingslister og nummerert frå éin og oppover for kvart gardsnummer. Nummera til dei tilhøyrande namna vart merkte på økonomisk kart i målestokk 1:5000. I nokre fjellområde, der NVE hadde kart i 1:10000, vart desse brukt. Økonomisk kartverk hadde berre dekning opp til ca. kote 500, og difor er namneinnsamlinga mangelfull for mykje av fjellet. Det vart samla inn i overkant av 30 000 stadnamn på denne måten, noko som truleg gjer at det er få kommunar i landet som har ei tilsvarende samling.

Hausten 2020 starta Kvinnherad kommune arbeidet med å digitalisera desse 30 000 namna. Dette er arbeid som vil halda fram ei tid, då arbeidet er tidkrevjande. Namna vert lagt ut på Kvinnherad kommune si kartsida under fana «Stadnamn» etter kvart som eit gardsnummer er ferdig. I Nordrepollen har det vore folk i arbeid med å registrera stadnamn. Desse er registrert i eit rekneark og koordinatfesta, noko som har gjort at ein kan importera namn rett inn i kartprogrammet. Namna er òg å sjå på kartsida Lokalnamn.no, der det også vil bli lagt på lydfiler med lokal uttale av namnet.

Personar frå bygdene der stadnamna høyrer til, skal lesa inn namna. For å høyra stadnamna bli lesne opp, kan ein trykkja på namnet. På same måte får ein òg sjå om det er lagt inn kommentarar knytt til namnet.

#### SAMLINGAR OG ARKIV I KOMMUNALT EIGE

Kulturarv er eit omgrep for materiell og immateriell kultur, og vert særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunar og lokale lag og foreiningar. I Kvinnherad har det vore tradisjon for eit tett samarbeid om kulturarven mellom kommunen og ulike lag og foreiningar.

Det har vore ein tradisjon for å gje gåver som arkiv og museale samlingar til kommunen, med håp om avtalar om at kommunen skulle ta vare på dette og formidla historia omkring samlingane vidare. Og i nokre høve har kommunen kjøpt og overteke ansvaret for bygningar for vidare restaurering og drift.

Grunna mindre ressursar med åra, og difor ikkje høve til å gjera dette på ein tilfredsstillande måte, ser ein no føre seg at det trengst endringar, med nye eigarar, og kanskje nye drivarar av desse samlingane.

Som døme på innkjøp av bygningar meint som kulturbygg med restaureringsplanar og vidare drift som møteplassar og arenaer for kultur, kan nemnast Bergslagen på Sunde. No i 2021 har kommunen seld Bergslagen til Stiftinga Sunde Kyst- og litteratursenter. Stiftinga vil stå friare i arbeidet med vidare restaurering og oppgradering av staden, og dei vil vera betre skikka til å driva den som ein formidlar av kystkultur og som eit litteratursenter.

Samlingane som framleis er i kommunalt eige, er Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga i Rosendal, Dønhaugsamlinga og Bygde-

turnet Rød i Uskedalen, og Haugland skulemuseum i Uskedalen. Kvinnherad kommune eig og driv og Gudalshuset/Kunstverkstaden i Rosendal som blir leigd ut som atelier til kunstnarar. Arkiva som Kvinnherad kommune eig og har ansvaret for, er og ein del av desse samlingane, og nokon av arkiva er eineståande kvar for seg. Dette gjeld mellom anna enkeltstående privatarkiv, det kommunale fotoarkivet og fleire skipsbyggjararkiv.

#### Strategi for vern og bruk av samlingane i kommunalt eige/museum

I ein situasjon der kommunen har avgrensa ressursar, kan det vera betre for dei samlingane som er gjevne kommunen, at andre eig og driv dei. Det kan være kulturinstitusjonar, lag- og foreiningar eller bygdelag/stiftingar som vert oppretta for eit slikt føremål. Både som kulturminne og som samlingar og arkiv, kor det er særleg viktig at det blir verna på rett måte for ettertida, er det aktuelt å stille seg desse spørsmåla.


Kvinnherad kommune vil på bakgrunn av dette laga ein strategi for samlingar og arkiv i kommunalt eige/museumsstrategi for å kunne koma fram til gode løysingar for å betre ta vare på og formidla historia til viktige og verdifulle kulturminne som desse samlingane og arkiva er.

#### 6.4. KART

Denne planen gjev hovudmerksemd til faste, fysiske kulturminne. Kulturminne i form av eit objekt som ligg fast i terrenget, til dømes eit bygg, ein steingard, eit kulturlandskap, eit vegfar, osb. Dette er kulturminne som i liten grad let seg flytte, og som ikkje bør flyttast då dei berre er fullt forståeleg i det landskapet dei ligg i, og den relasjon dei har til elementa kring seg. Kulturminna kan difor kartfestast, dei ligg ein fast plass og dei ligg i ro.

Ei rekkje register omhandlar desse kulturminna. Freda kulturminne er registrert i Askeladden som er Riksantikvaren sin database, tilgjengeleg for publikum via kulturminnesok.no. SEFRAK-registeret omhandlar eldre bygg med verneverdi. Både SEFRAK-registeret og oppføringane i Askeladden er tilgjengeleg på Miljøstatus si kartside, miljoatlas.miljodirektoratet.no, som er Miljødirektoratet si samling av miljøinformasjon i Noreg. På Kommunekart.com er det lagt inn kulturminne frå Askeladden, men utan vidare informasjon om kulturminnet. Derimot er det lagt inn nokre lokale element som også omhandlar kulturminne. Her finn ein oversikt over stølar i Kvinnherad og stadnamnregistreringane så langt som dei er utford.

Fordelen med å registrera kulturminna på eksempelvis miljøstatus.no, er at dei vert kontinuerleg oppdatert. Eit kvart trykt kartblad av kulturminne vil verta utdatert etter noko tid. Sjølv om det kunne vera naturleg å tru det, er ikkje kulturminne nokon statisk storleik. På den eine sida vert nye kulturminne oppdaga, eller nye element vert definert som kulturminne, på den andre sida er det nokre som forsvinn, anten av naturlege årsaker, eller som følgje av menneskelege inngrep - anten etter lovleg vedtak, av vanvare eller som følgje av miljøkriminalitet.





## **KAPITTEL 7**

# Verdsetjing og prioritering av kulturminne og kulturmiljø

Kva for kunnskapar kan kulturminna  
gje oss? Kva for opplevingar kan  
kulturminna gje oss? Kva kan vi  
bruke kulturminna til?

Skorpo Foto  
Kvinnherad  
kommune

## 7. VERDSETJING OG PRIORITERING AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Forvaltninga av kulturminne handlar om å prioritera og velja kva som skal takast hand om og korleis dette skal gjerast, - korleis det skal konserverast, vølast eller restaurerast. For å greia å ta gode og rette avgjersler, må vi velja kva vi skal ta vare på og prioritera desse vala. Det er viktig at dette blir gjort med kløkt, og med bakgrunn i faglege vurderingar. Historia vi ynskjer å fortelja vidare må styra dei vala og dei prioriteringane vi gjer når vi skal verna kulturminne og kulturmiljø.

**D**ei som arbeider med kulturminne er fagfolk med ulik bakgrunn. Avgjersler, val og prioriteringar vert òg gjort ut frå skjønn. Slik er også politiske føringar og prioriteringar viktige føresetnader for det som blir gjort. Det er viktig å ha klart for seg kva for mål, moglegheiter og avgrensingar som gjeld.

Det blir gjerne tala om verdsetjing når vi skal finna verdien til dei ulike kulturminna. Det er lurt å skilja mellom det å skildra verdiar og det å fastsetja kor store desse verdiane er. Dette for å kunna ta rette avgjersler om vøling, restaurering og vern. Kulturminna har ikkje anna verdi enn den vi menneske gjev dei, og som vi legg til grunn for vidare val og prioriteringar.

### 7.1. KLASSIFISERING OG REGISTRERING AV KULTURMINNE

Intensjonen er å laga ein oversikt over alle kulturminna i Kvinnherad. Grunna at kulturminne ikkje er ein fast storleik, vil dette vera eit kontinuerleg prosjekt – nye kulturminne vert oppdaga, nokre forsvinn og nye element vert definert som kulturminne etter kvart som tida går. Oversikten skal samlast i ein database. Her skal kulturminna klassifiserast, verdsetjast og delast inn i kategoriar basert på type og verdifastsetjinga. Klassifiseringa skal gjerast med kulturminnefagleg kompetanse. Inndelinga vil vera ei kjelde til kunnskap, men først og fremst ei hjelp i forvaltning av kulturminne. Dei ulike verdifastsetjingane vil gje grunnlag for ulike verneregime og dermed også ulik handsaming i forvaltning knytt til plan- og byggesaker.

Klassifisering etter verdi er også nytta i samband med prioritering av prosjekt for oppfølging i handlingsplanen. Med utgangspunkt i kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar har ein klassifisert kulturminna. Eigenskapane som kjenneteiknar kulturminna har vorte brukt i denne samanhengen. Vekting og verdsetjing av desse verdiane blir òg viktig for å koma fram til ei prioritering. Verdiklassifisering kan likevel ikkje nyttast “matematisk”. Prioriteringa er også basert på skjønn, etter innspel, prosjekt som er sett i gang, og vurderte behov for restaurering og vøling. Dette er synt i tabellen som dannar kjernen i handlingsplanen.

### 7.2. VERNEKRITERIUM

Kulturminna gjev oss røter. Samfunnet vårt er i rask endring, og det skjer mykje som uroar oss i det daglege. Det å høyra heima ein stad, - gå tur på kjende stiar, eller sova på ein triveleg stad i marka, eller i eit gamalt sommarhus gjev oss ro og kvile. Det er òg fint å kunna undra seg over korleis det var før, vera nysgjerrige på kunnskap og folkeliv som har vore. “Fortel frå då du var liten”, ber borna våre. Vi vaksne set i gang med å finna gamle stadnamn, eller vi lagar mat som stod i bestemor si gamle kokebok. Vi ynskjer òg å finna ut om og forstå gamle handverksteknikkar og byggjeskikkar. Dette handlar om verdiar som kulturminna gjev oss. Dette kan vi òg bruka når vi skal registrera kulturminne og kulturmiljø.

Dei som er ute og arbeider med registrering, har tankar om verdiane til det dei registrerer, i denne samanhengen kulturminne, og gjerne bygningar. For at dette skal bli systematisk og brukande, har Riksantikvaren laga ei sjekklister for verdsetjing og verdivekting av kulturminne. Denne lista famnar både kva verdiar kulturminna har og kor store verdiane er. I denne samanhengen gjeld omgrepet kulturminne både enkeltminne og kulturmiljø.



Kulturminna kan altså ha ulike verdier. Det blir her vist tre dømer som er vanlege å nytta i registreringsarbeidet. Det er eit mål at alle kulturminne i Kvinnherad skal klassifiserast utifrå dette.

#### **KUNNSKAPSVERDIAR**

Kva for kunnskapar kan kulturminnet gje oss? Kulturminna har særleg meining som kjelde til kunnskap og forståing av fortida. Dette gjeld ulike tilhøve som opphav, bruk og meining for menneske sine liv, tru og samfunnstilhøve. Samhandling mellom menneske og natur er òg viktig for å seia noko om kunnskap som kulturminne gjev oss.

#### **OPPLEVINGSVERDIAR**

Kva for opplevingar kan kulturminnet gi oss? Opplevingane sin verdi er knytt til fellesskapet vårt, eller ulike grupper sine

opplevingar. Slik kan opplevingsverdier ha meir personleg rotfeste enn kunnskapsverdiane. Mange av desse opplevingsverdiane er knytt til korleis kulturminna påverkar oss som menneske og som fellesskap.

#### **BRUKSVERDI**

Kva kan vi bruka kulturminnet til? Kulturminnet kan føra vidare den noverande bruken og leggja grunnlag for verdiskaping og endra bruk, kor verdiane kan takast hand om og aukast. Bruksverdiane kan òg verta redusert ved manglande eller feil bruk.

Eigenskapar for å kjenneteikna kulturminna kan vera mange. Denne lista vert brukt her for å finna allmenne tilhøve som kan knytast til kulturminna som vert prioritert.

### A. Alder, tidsdjupne og kontinuitet

### B. Autentisitet og kor opphavleg kulturminnet er

### C. Mangfald og variasjon

### D. Samanheng og heilskap

### E. Dynamikk og endring

### F. Brot og kontrast

### G. Kor leseleg og tydeleg kulturminnet er

### H. Kor eigna kulturminnet er

### I. Kor lett det er å nytte

### J. Sårbarheit og tolegrenser

### K. Interaksjon natur-kultur

Kjenneteikn eit kulturminne kan ha i høve til andre kulturminne, kan vera mange. Omgrepa sjeldsyntheit og representativitet er sentrale i kulturminnepolitikken, der eit viktig mål er å bevara eit representativt utval av kulturminne. Arbeidet med å samanlikna kulturminne er ofte avgjerande i verdsetjingsarbeidet, men det er utfordrande å etablere ein tilfredsstillande oversikt for å kunna følgja opp dette punktet.

- Er kulturminnet sjeldsynt opphavleg, eller er det sjeldsynt som resultat av historia si tilfeldige eller planmessige utveljing?

- Er kulturminnet representativt for noko som var vanlig før, eller som er vanleg no?

### 7.3. VEKTING OG VERDSETJING AV VERDIANE

Den neste utfordringa er knytt til vekting av desse verdiane. Kor store er verdiane, kor viktige er dei? Er dei av nasjonal verdi, av regional verdi eller av lokal verdi? Til dette vert det nytta eit sett kriterium. Den avsluttande vektinga inneber ei vurdering både av om kulturminnet eller kulturmiljøet oppfyller kriteria og kor mykje kvart kriterium tel. Dette hjelper oss til å avgjera om kulturminnet er av liten, middels, stor eller svært stor verdi.

Kriteria inngår i ein systematisk framgangsmåte som skal sikra ein mest mogleg sams bruk av omgrep, og sikra innsyn og etterprøving i alle fasar av arbeidet. Det er formulert eit sett kriterium basert på om dei representerer nasjonale, regionale eller lokale eller verdier.

- Kulturminnet representerer fasar som er særleg viktige for historia.
- Kulturminnet er knytt til verksemder som er særleg viktige for historia.
- Kulturminnet er knytt til hendingar som er særleg viktige for historia.
- Kulturminnet er knytt til personar som er særleg viktige for historia.
- Kulturminnet har særleg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi.
- Kulturminnet er særleg viktig som kjelde til historia der det finst få eller ingen skriftlege kjelder.
- Kulturminnet er særleg viktig som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.
- Kulturminnet sin alder og type utløyser juridiske verkemidlar på nasjonalt plan, sjå kulturminnelova.

Framgangsmåte er å systematisera dei punkta som er vurdert over i eit skjema, og knyta vektinga til ein firedelt skala frå små via middels og store til svært store verdier. Arbeidet med verdsetjing og vekting skal gjerast systematisk, basert på kulturminnekompetanse. Prosessen skal ta omsyn til relevante sider ved eit kulturminne sine kvalitetar. Oversikten skal vera ei hjelp i vurderingsarbeidet og representerer ikkje nokon kvantitativ modell. Det vil alltid vera eit element av skjønn i korleis vi vektar verdiane og nyttar det avsluttande kriteriesettet.

#### VI VERDSET KULTURMINNET:

#### Fjelberg Prestegård

##### KVA FOR VERDIAR KAN VI KNYTE TIL KULTURMINNET?

Kunnskapsverdier

*Religionshistorie, landbrukshistorie*

Opplevingsverdier

*Estetisk verdi, hantverksmessig verdi, bruks- og alderspreg, symbolverdi*

Bruksverdier

*Økonomisk verdi, ressursverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi, pedagogisk verdi, musal verdi, tilgjengelegheit.*

##### KVA FOR EIGENSKAPAR KJENNETEIKNER KULTURMINNET?

Alder, tidsdjubde og kontinuitet

Autensitet og opphav

Mangfald og variasjon

Samanheng og heilheit

Dynamikk og endring

Brot og kontrast

Leseleg og tydeleg

Eigna

Nytte

Sårbarheit og tålegrense

Interaksjon natur - kultur

##### KVA KJENNETEIKNER KULTURMINNE SAMANLIKNA MED ANDRE KULTURMINNER?

Opphavleg skjeldsynt, skjeldsynt ved tilfeldig eller planlagt utval

Representativt for noko som er vanleg no, eller noko som var vanleg før

Illustrasjon på verdisetjing av kulturminne med Fjelberg Prestegård som eksempel. Sjå eigen tabell om verdisetjing vedlagt

#### 7.4. PRIORITERING

Prioritering av kulturminna - både når det gjeld handlingsprogrammet i denne planen, ved andre støtteordningar, og generelt i forvaltning gjennom til dømes plan- og byggjesakshandsaminga - skal ta utgangspunkt i verdsetjinga av kulturminna. For kulturminne klassifisert med svært stor verdi skal det ikkje vera pårekneleg med tiltak som forringar verdien, samstundes som terskelen for å få innvilga støtte til vernearbeid skal vera lågare. Like eins vil det vera lettare å få løyve til tiltak, som til dømes tilbygg, påbygg og eventuelt også riving dersom dette er av samfunnsmessig interesse, på kulturminne som er registrert som å vera av liten verdi.

Prioriteringa som vert gjort på bakgrunn av verdsetjing av kulturminna vil difor vera ein viktig reiskap i kulturminnearbeidet framover. Det vil gjera situasjonen meir føreseieleg for grunneigarar og tiltakshavarar, og det vil effektivisera og letta den kommunale sakshandsaminga. Klassifiseringa vil også vera ein nyttig bakgrunn i kontakt med regionale og nasjonale styresmakter når det gjeld tiltak og støtteordningar.



Prestanaustet før restaurering.  
Foto Kvinnherad kommune



## KAPITTEL 8

### Oppfølging

Kulturminna er verdifulle for samfunnet – tradisjonar, kunnskap, trivsel, identitet eller verdiskaping – dette må vi ta vare på. Uavhengig av om kulturminna vert ivaretekne med grunnlag i formell freding, eller om det skjer etter prioritering gjennom denne planen, så krev ivaretakinga samarbeid mellom ulike partar. God dialog er ein føresetnad for å lukkast med å sikra kulturminna samstundes som andre aktuelle omsyn vert ivareteke.

Gurine for segl i  
Hardangerfjorden.  
Foto Bjarne Øymyr

**E**igaren av eit kulturminne har eit ansvar for å ta vare på kulturminnet, men til vanleg må òg andre partar involverast. Kulturmyndigheiter set gjerne rammer for kva som er lov å gjera, og kan også vera involverte i støtteordningar av ulike slag. Andre medverkande kan òg vera involverte, både med ansvarsområde, kompetanse og støtteordningar. For dei automatisk freda arkeologiske kulturminna er det Riksantikvaren og Fylkeskommunen som har ansvar for å sikra vern, eventuell skjøtsel og tilrettelegging. Men, grunneigar og folk elles har eit ansvar for hindra skade på desse kulturminna. For andre kulturminne varierer ansvaret noko meir. Felles for alle kulturminne er likevel at ein konstruktiv dialog er ein føresetnad for vern, og er til det beste for kulturminnet og for samfunnet elles.

For kulturminne som er verna og som har ei forvalta drift og skjøtsel, kan det til dømes vera tenleg med årlege koordineringsmøte der aktuelle aktørar møtest for å avklara kva som trengst, rammer for tiltak, skjøtsel, støtte og anna. For andre kulturminne vil naturlege møtepunkt ofte vera i samband med søknad om tiltak knytt til kulturminnet, eller miljøet rundt dette. I desse tilfella vil det ofte vera sakshandsaming etter plan- og bygningslova som vert eit møtepunkt mellom ulike partar. Slike saker kan få fram ulike ynskjer og mål. Denne planen løyser nok ikkje alt dette, men går langt i å avklara rammer og forventingar på måtar som gjer handsaming og avgjersle meir føreseieleg, oversiktleg og eins.

Kvinnherad kommune bør i tida framover vera restriktive med å ta på seg eigarskap og drift av kulturminne. Kommunen har lite midlar og ressursar til dette, og truleg vil det òg bli slik i åra som kjem.

## 8.1. VERKEMIDDEL I KULTURMINNEFORVALTINGA

### PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Plan- og bygningslova har fleire verkemidlar som kan nyttast i arealplanlegginga for å styra bruk og utvikling av areala i kommunen. Ein kan tileigna bestemte formål til bestemte areal, peika ut omsyn som skal verta ivaretekne i eit bestemt område, eller gje føresegner og retningslinjer for bruken av areala. Føresegner kan vera generelle for heile kommunen, eller dei kan knytast til konkrete areal, formål eller omsynssoner.

Heimel for å sikra kulturminne i plan- og byggjesakshandsaminga er å finna i plan- og bygningslova sin § 1-1 og § 3-1. Paragraf 1-1, formålsparagrafen, seier mellom anna at: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser». Paragraf 3-1 pkt. b seier at: «Innenfor rammen av § 1-1 skal planer etter denne lov: sikra jordressursene, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer».

Plan- og bygningslova krev at kulturminneverdi i eksisterande byggverk skal ivaretakast. Mellom anna har kommunen eit ansvar for å sjå til at historisk, arkitektonisk, eller anna kulturell verdi knytt til eit byggverk sitt ytre, vert verna om så langt det er mogleg. Men lova gjev ikkje vern av kulturminne direkte.

Registreringar og lister over verneverdige kulturminne gjev heller ikkje i seg sjølv nokon juridisk verknad for arealforvaltinga. I staden er registreringane ein indikator på verdiar som bør takast omsyn til i stadutviklinga, og skildrar eit omsyn som må vurderast i plan- og byggjesakshandsaming. Dersom kulturminne skal verta gjeve ein formell juridisk status, må det skje gjennom vedtak av ein arealplan.

Plan- og bygningslova opnar for at det kan utarbeidast tematiske kommunedelplanar, slik som denne planen. Tematiske kommunedelplanar vil ikkje vera juridisk bindande, men førande for kommunen sin politikk innafor temaet, og fungera som premissgjevar for utarbeiding av arealplanar.

## KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Kommuneplan er omtalt i plan- og bygningslova §§ 11-1 – 11-18. §§ 11-5 – 11-11 og tar for seg kommuneplanen sin arealdel og gjev heimel til bruk av følgande verkemidlar for å styre bevaring og utvikling av kulturminne:

- Omsynssoner med føresegner eller retningsliner, pbl § 11-8
- Føresegner til arealformål, pbl §§ 11-10 og 11-11
- Generelle Føresegner, pbl § 11- 9
- Verkemidlane kan kombinerast for ein meir presis og treffsikker styring

## AREALFORMÅL OG OMSYNSSONER

Plan- og bygningslova har ikkje arealformål knytt til kommuneplan-nivået som er særskilt innretta mot kulturminne eller kulturmiljø. Bruk av omsynssoner er i dei fleste tilfelle difor meir formålstenleg for å ivareta kulturminne. Omsynssone d vert berre nytta der kulturminna allereie er verna etter kulturminnelova og er difor meir ei form for påminning og tydeleggjering av eksisterande vern. Det kan verta gjeve føresegner og retningsliner til denne omsynssona, og omsynssona kan gå ut over arealet som er freda etter kulturminnelova for å markera naudsynt sikringssone.

Omsynssone c er anbefalt nytta for å tydeleggjera kor kulturminne skal verta ivareteke særskilt, eller kor det skal gjelda særskilte retningsliner. Der det er formålstenleg med differensiering, kan det lagast ulike retningsliner til omsynssonene alt etter ei konkret vurdering av arealet og kulturminna som skal vernast innanfor kvar sone. Differensiering kan ta utgangspunkt i typen kulturminne, eller verneverdien til kulturminne. I fleire tilfelle vil det truleg vera føremålstenleg å samla fleire kulturminne inn i ei omsynssone som siktar til eit større kulturmiljø. Dette gjer det lettare å gje føresegner/retningsliner som tek vare på samanhengen kulturminna opptre i. Det kan ikkje gjevast føresegner til omsynssone c i kommuneplanen, med mindre det gjeld randsoner rundt nasjonalparkar og landskapsvernområde. For å sikra kulturminna i omsynssone c med konkrete føresegner, kan ein utarbeida føresegner til det arealformålet som kulturminna ligg innafor.



Bjørnebole  
1914. Foto  
Andreas Elias  
Røvde

## GENERELLE FØRESEGNER OG TEMAKART

Det kan utarbeidast generelle føresegner og retningsliner til kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Desse kan differensierast for å gjera dei presise nok og tilpassa dei til dei ulike kulturminna. Generelle føresegner kan mellom anna verta knytt til:

- Krav om reguleringsplan for visse areal eller for visse tiltak, inkludert krav om at det skal føreliggja områderegulering før detaljregulering kan vedtakast
- Tilhøve som skal avklarast og opplysast i vidare reguleringsarbeid
- Byggjegranser, utbyggingsvolum og funksjonskrav
- Miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur
- Omsyn som skal takast for å ta vare på eksisterande bygningar og anna kulturmiljø

Eitt av verktøya som generelle føresegner gjev, er dokumentasjonsskrav. Kravet kan spesifiserast til å gjelda både reguleringsprosessar og byggjesaker som kjem i kontakt med registrerte kulturminne, eller registrerte kulturminne av ein viss verdi.

Prosess og dokumentasjonskrav kan differensierast på bakgrunn av til dømes bevaringsverdi, geografisk område, eller kulturminnetypologi. Krava kan skildra korleis undersøkingar skal gjennomførast. Krav til innhald og form på dokumentasjonen kan differensierast etter kva type eller verneklassar av kulturminne som vert omfatta av planarbeidet eller tiltaket.

Føresegnene kan slå fast rekkjefølgja for når kulturminne skal dokumenterast i plan- og byggjesaker, og kva innhalds- og formalkrav som vert stilt til dokumentasjon, skildringar, handsaming, osv. Rekkjefølgje kan til dømes gjelda for når ulike dokumentasjonskrav skal verta innfridd i prosessen. Dokumentasjonen kan ta form av alt frå ei generell overordna samanstilling av kjent kunnskap, til

detaljerte tilstandsrapportar etter t.d. Norsk Standard (NS). Krava må stå i forhold til tiltaket sin art. Det kan til dømes krevjast utvida dokumentasjon dersom tiltaket inneber at bygningar vert rivne, bygde om eller utsett for andre omfattande endringar, og enklare dokumentasjon dersom tiltaket inneber regulering for å ta vare på, eller liknande.

Eit anna verktøy som bruken av generelle føresegner opnar for, er høve til å setja plankrav utover det som automatisk følgjer av krava i plan- og bygningslova. Ei generell føresegn om plankrav må koplast til spesifikke areal eller vera for bestemte tiltak. Når det vert sett plankrav, kan det samstundes vedtakast nokre prinsipp for den påfølgjande reguleringsplanlegginga. Det kan verta sett krav om fellesplanlegging for større areal, det kan gjevast føresegner for viktige verdiar som skal utgreiast eller takast særleg omsyn til, og det kan peikast på prosessuelle krav til deltaking og rekkjefølgje på avklaringar som må gjerast i planprosessen.

Når føresegner for kulturminne skal innarbeidast i kommuneplanen, må ein ta stilling til korleis kommuneplanen sine føresegner skal relaterast til eksisterande reguleringsplanar. Ut frå plan- og bygningslova er prinsippet at sist vedtekne plan gjeld der det er motstrid mellom planane, jf. pbl. § 1-5, andre ledd.

Det kan vidare utarbeidast temakart til kommuneplanen sin arealdel. Desse kan refererast direkte i føresegnene og vera eit middel for å gje kulturminne ulik status eller tydeleggjera kor det finst kulturminne med viktige verdiar, eller kor det er potensiale for funn av nye kulturminne. Slike kart kan til dømes vera eit samla kart over omsynssoner gjeve i kommuneplanen eller eit «aktsemdskart» over potensialet for funn av arkeologiske kulturminne.

#### REGULERINGSPLAN

Plan- og bygningslova §§ 12-1 – 12-17 omhandlar reguleringsplan. Reguleringsplanlegging er det plannivået som i detalj skildrar området for tiltak, karakter og rammer for tiltaket. Reguleringsplanlegginga skal opplysa saka, gje eit tilstrekkeleg avgjerslegrunnlag og vera styringsreiskap for utbygginga og dei omsyn som skal verta tekne. For at reguleringsplanen skal etterleva dette kan det krevjast utgreiingar, dokumentasjon og skildringar av eksisterande situasjon, og det kan stillast krav om utgreiing av korleis bestemte tema skal handsamast, og kva rammer som skal setjast for tiltak i medhald av planen. Krav for slik utforming av reguleringsplan kan setjast i kommuneplanen sin arealdel (§ 12-7).

I reguleringsplanane sine føresegner kan det også verta gjeve ytterlegare eller andre krav til dokumentasjons- og rekkjefølgjekrav. Do-

kumentasjon kan verta kravd innarbeidd i planskildringa, eller som eit vedlegg til denne. Det kan verta gjeve føresegner om ulike dokumentasjonskrav for ulike typar av tiltak eller kulturminne. Dersom kulturminnedokumentasjon vert kravd utarbeidd som vedlegg, vil det vera ein føresetnad at konklusjonane vert tekne inn i planskildringa. Det kan stillast krav om at dokumentasjonen skal leggjast fram for, eller godkjennast av kulturminnemyndigheit, kommunen sin kulturminneavdeling, før reguleringsplanen som heilskap kan verta handsama.

Det kan vidare verta sett krav til korleis kulturminne konkret skal ivaretakast i reguleringsplanen. Det kan eksempelvis gjerast ved krav til bruk av:

- omsynssoner (pbl. § 12-6)
- arealformål LNFR med underformål vern av kulturminne og kulturmiljø (pbl. § 12-5.5)
- føresegner til arealformål og omsynssoner (pbl. § 12-7, spes. pkt. 6.)

Det kan verta gjeve føresegner og retningsliner til alle omsynssoner og arealformål i ein reguleringsplan. Føresegnene kan nyttast til å styra bevaring og utvikling av einskilde kulturminne, kulturmiljø eller større samanhengar av kulturminne og viktige områder. Generelt må alle krav stå i eit fornuftig forhold til omfanget av dei tiltak planen inneber.

#### LOV OM KULTURMINNER

Kommunen har ikkje mynde etter kulturminnelova og kan difor ikkje nytta verkemidlar frå denne lova i kommunal planlegging. Kommunen har likevel ei viktig plikt etter lova, som følgjer av § 25. Kommunen må senda alle søknadar som inneber rivning, eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850, til regional kulturminnemyndigheit seinast fire veker før søknaden vert avgjort. For at kommunen skal kunna oppfylle plikta, er det viktig at alder for alle byggverk er registrert og at kommunen har retningsliner for sakshandsaming av byggjesaker som gjer det enkelt å ivareta plikta. Det er fylkeskommunen/Sametinget og Riksantikvaren som har myndigheit etter kulturminnelova.

## RETTLEIARAR

Rettleiarar kan utarbeidast om ulike typar tiltak eller kulturminne. Rettleiarane kan gje konkret kunnskap og informasjon til eigar og utbyggjar om spesielle tilhøve ved kulturminna. Rettleiarar kan til dømes omhandla kulturminne frå nyare tid, korleis byggja på/til eit særskilt type kulturminne, eller rettleiing om korleis kulturminne kan dokumenterast.

Det kan også utarbeidast rettleiarar internt i kommunen for å sikra effektiv og eins sakshandsaming i plan- og byggjesaker som omhandlar kulturminne og kulturmiljø.

Det vert vidare synt til Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren sine rettleiarar om temaet:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/>

<https://www.riksantikvaren.no/jeg-trenger-veiledning/>

## ØKONOMISKE TILSKOTS- / STØTTEORDNINGAR

Kommune, fylke og stat kan, åleine eller i samarbeid med andre, oppretta økonomiske støtteordningar for eigarar av kulturminne. Fleire slike finst.

## SAMARBEID MED ANDRE AKTØRAR INNANFOR FAGOMRÅDET

Kommunen kan inngå samarbeid med andre aktørar, både kommunale, fylkeskommunale, føretak og foreiningar, for å gjennomføra ulike tiltak.

## INSENTIVORDNINGAR FOR MIDLERTIDIG BRUK

Kommunen kan oppretta ei insentivordning der ulike verkemidlar, også økonomiske, vert tekne i bruk for å sørgja for midlertidig bruk av kulturminne som elles ville stått unytta medan ein ventar på ny utvikling eller restaurering.

Det vert vidare synt til Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren sine rettleiarar om temaet:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/>

<https://www.riksantikvaren.no/tilskudd/>

## ANDRE VERKEMIDDEL

### Informasjonsmateriell og formidling

Det kan utarbeidast informasjonsmateriell som vert gjort tilgjengeleg for alle som på ulikt vis forvaltar kulturminne. Dette kan t.d. vera informasjon om ein type kulturminne, om ein historisk samanheng, eller om eit bestemt geografisk område. Informasjonsmateriell kan også omhandla korleis ein søker om tiltak på kulturminne etter plan- og bygn-

ingslova og der ein kan venda seg for å få hjelp og støtte til utbetring av kulturminne. Informasjonsmateriell kan også vera i form av skilting som er plassert på staden for kulturminnet. Ved formidlingsmetodar og tilrettelegging kan kulturminnet nyttast direkte som kjelde til informasjon og opplevingar.

### Moglegheitsstudiar

Det kan utarbeidast moglegheitsstudiar for kulturminne eller kulturmiljø for å syna mog-

legheiter, utfordringar, endringspotensial, tolegrensar og sårbarheit. Moglegheitsstudiane kan utarbeidast av eigar, utbyggjar, kommunen eller desse i fellesskap.

### Skjøtselsplanar

Det kan utarbeidast skjøtselsplanar for kulturminne og kulturmiljø, som angjev korleis objekta skal forvaltast.



## 8.2. RETNINGSLINER FOR FORVALTING

Når det gjeld saker om endringar på eller rundt kulturminne, så vil dei fleste av desse vera i form av plan- og byggjesaker. Her er det kommunen sine plan- og byggjesaksavdeling som utgjer førstelinetenesta. Det er eit mål at forvaltinga skal kunna handsama saker som gjeld kulturminne effektivt og fortrinnsvis ferdighandsama dei i eitt ledd.

«Vern gjennom bruk» er eit viktig prinsipp som skal liggja til grunn når søknadar og planar skal vurderast. Dersom ein kan opna for ny bruk og nytte av bygg og anlegg med kulturminneverdiar, som elles vil verta ståande til forfall, skal det vurderast om tiltak kan godkjennast. Føresetnaden er at tiltak kan gjennomførast utan at kulturminneverdiar vert redusert i særleg grad. Det er opp til tiltakshavar å sikra at reduksjon av verdi ikkje finn stad.

For kulturminne prioritert etter kriterium i denne planen vil det ikkje vera pårekneleg med løyve

til riving eller andre tiltak som reduserer kulturminneverdiane. Ved søknad om tiltak i form av påbygg, eller tilbygg på bygg med kulturminneverdi, skal det ved søknad dokumenterast at til-/påbygg ikkje reduserer verneverdiane.

Prioriteringane i planen, og framlegg til korleis desse skal følgjast opp gjennom føresegner og omsynssoner/føresegnssområder, vil kunna nyttast som heimel for vedtak i saker som omhandlar kulturminne.

For prioriterte kulturminne kan det verta pålagt vedlikehald med heimel i plan- og bygningslova og innarbeidde føresegner i denne planen. Trong for brannsikring og eventuelle andre sikkerheitstiltak skal vurderast. Det kan påleggjast vedlikehald der det er fare for liv og helse grunna samanrasing, eller der bygg eller ander kulturminne er til sjenanse for ålmenta. Det vil ikkje vera pårekneleg å få bygget opp igjen dersom pålegg om vedlikehald vert ignorert og bygget rasar saman.

Hilsen fra Hotel Sundal  
Foto F. Beyers Turist-Bureau,  
Bergen, Christiania



Kulturminne skal prioriterast i alle plan- og byggjesaker. Effektiv og slutført sakshandsaming er avhengig av i kva grad søknad om byggjesak eller reguleringsplan er tilstrekkeleg dokumentert. Det er tiltakshavar sitt ansvar at søknaden er opplyst og klar for handsaming. For å gjera sakshandsaminga enklare, meir effektiv og gje kortare sakshandsamingstid, vert det spesifisert korleis kulturminne og kulturminneverdiar skal dokumenterast som del av byggjesøknadar og reguleringsplanar.

For kulturminne prioritert og omtala i denne planen gjeld følgjande krav til dokumentasjon dersom tiltak på kulturminne kan innebera riving eller irreversibel reduksjon i kulturminneverdi:

### BYGGJESAK

Ved byggjesakshandsaming skal byggjesaksavdelinga avgjera søknadar knytt til kulturminne basert på dokumentasjon som følgjer med søknaden. Følgjande er då tiltakshavar/forslagsstillar sitt ansvar å gjera eller syta for at vert gjort: Som grunnlag for dokumentasjonen skal bygget/anlegget synfarast. Bygget/anlegget skal kartfestast og fotograferast frå alle sider utvendig og innvendig, i detalj og i relasjon til omgjevnadene. Når bygg vert omtala i tekst/foto skal det visast til adresse og gards- og bruksnummer.

Dokumentasjonen skal som eit minimum innehalda:

- Kartskisse over området rundt bygget/anlegget.
- Bygget/anlegget sin alder, historie og tidlegare funksjon skal skildrast, og der det finst, skal det dokumenterast med gamle kart, flyfoto, og foto.
- Kulturmiljøet rundt bygget/anlegget skal omtalast, inkludert alder på bygg, om verneverdiar er registrert, type bygg, byggjestil, tidlegare funksjon til bygga, bygga sin tyding for oppleving av staden/området, samt andre kulturminne som steingardar, gamle tre, vegfar, osv..
- Det skal ikkje verta gjeve ei verdivurdering av kulturminna, det som er viktig å skildra er kva konsekvensar det vil få dersom planlagt tiltak vert sett i verk.

Hardanger  
Fjordlodge  
Foto Kvinnherad  
kommune



### REGULERING

Ved handsaming av reguleringsplanar skal planavdelinga vurdere korleis ein skal handsame kulturminne basert på dokumentasjon som følgjer med planen. Ved innsending av framlegg til reguleringsplanar skal det følgja med ei utgreiing av kulturminneverdi. Planområdet skal synfarast og fotograferast. Eksisterande kulturminne skal kartfestast og fotograferast både i detalj og i relasjon til omgjevnadene. Når bygg vert omtala i tekst/foto skal det visast til adresse og gards- og bruksnummer. Dersom planframlegget inneber at eit kulturminne (bygg eller andre kulturminne) skal rivast/fjernast, skal dette koma tydeleg fram i dokumentasjonen.

Utgreiinga skal som eit minimum innehalda:

- Føremål med reguleringsplanen, samt om bygg må rivast, skal omtalast i innleiing, saman med kartskisse over planområdet.
- Området si historie og tidlegare funksjon skal skildrast. Der det finst, skal det dokumenterast med gamle kart, flyfoto og foto som skal leggjast inn i utgreiinga.
- Bygningsmiljø innan og grensande til planområdet skal omtalast, inkludert alder på bygg, om verneverdiar er registrert, type bygg, byggjestil, tidlegare funksjon til bygga, bygga si tyding for oppleving av staden/området. Om ein ynskjer å riva bygg vert det stilt krav om meir detaljert dokumentasjon av desse i samband med søknad om riving. Det kan difor vera ei føremon å gje desse særleg merksemd allereie i plandokumentasjonen gjennom gode illustrerande foto og skildringar.
- Andre typar kulturminne enn bygg skal også dokumenterast - gamle ferdselsårer, historiske vegfar, Kulturminne som murar, steingjerde, kaiar, trapper, hageanlegg, krigsminne, gamle store tre, osv. må omtalast og registrerast.
- Det skal ikkje verta gjeve ei verdivurdering av kulturminna i planområdet. Det som er viktig er å skildra kva konsekvensar det vil få dersom planlagt tiltak vert sett i verk.

### NYTTIGE TIPS

- På kommunen si heimeside finn du kulturminnegrunnlag utarbeidd i samband med planarbeid: <https://www.kvinnherad.kommune.no/>
- Gamle bilete kan ein finna i Spesialsamlingane ved Universitetet i Bergen: <http://marcus.uib.no/> eller hos Nasjonalbiblioteket: <https://www.nb.no/>
- Gamle flybilete er tilgjengelege på Finn: <https://kart.finn.no/> og velje «Historiske»
- Litt om arkitektonisk stil finn du her: <http://www.miljolare.no/tema/kulturminner/artikler/stilhistorie.php>
- Gjeldande reguleringsplanar finn du på <https://kommunekart.com/>
- Kulturminnesøk syner mange verna og andre registrerte kulturminne: <http://www.kulturminnesok.no/>
- Historia til eldre bygg kan i ein i nokre tilfelle finna i Nasjonalarkivet: <https://www.arkivverket.no/opplysninger-om-eiendom>

## RETNINGSLINER FOR BRUK AV OMSYNSSONER

For å sikra kulturminna i planlegginga, er omsynssoner ein nyttig reiskap. Denne kulturminneplanen er ikkje ein arealplan, og det har difor ikkje vore tenleg å ha framlegg til konkrete omsynssoner med i planen. Omsynssoner bør avgrensast i prosessar som er knytt til konkret arealbruk i planarbeid på kommuneplan- eller reguleringsplannivå.

Omsynssoner gjev høve til å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap. Omsynssoner syner omsyn og restriksjonar med effekt på bruk av arealet. Ved hjelp av omsynssoner kan ein i ein plan sikra at kulturminne og kulturmiljø kan synleggjerast uavhengig av arealføremål. Kartfesting av viktige omsyn og verdjar gjennom omsynssoner vil vera med å gjera nye tiltak føreseielege og gje nyttig informasjon.

Bruk av omsynssoner er i dei fleste tilfelle meir føremålstenlege for å ivareta kulturminne, enn bruk av arealføremål. Omsynssoner, både omsynssone c) og d), er tilrådd nytta for å tydeleggjera kvar kulturminne skal ivaretakast særskilt, eller kvar det skal gjelda særskilte retningslinjer/restriksjonar. I fleire tilfelle vil det truleg vera tenleg å samla fleire kulturminne inn i ei omsynssone som då peikar ut eit større kulturmiljø. Dette gjer det lettare å gje føresegnar/retningslinjer som varettek samanhengen kulturminna opptrer i.

- Omsynssone c (H570) skal nyttast der det er verneverdige kulturmiljø og kulturlandskap, og der eitt eller fleire kulturminne inngår i eit samspel med miljøet rundt, og vert forståelege og framheva av dette miljøet. Når handsaming av tiltak, eller byggjesøknadar grip inn i omsynssona, skal omsynet til kulturmiljøet, eller kulturminnet vera tydeleg lagt vekt på. Anten ved ei avgjerse om at tiltaket kan gjennomførast, og om eventuell lokalisering og utforming av det.

- Omsynssona viser at kulturminnet, kulturmiljøet, eller kulturlandskapet skal forvaltast slik at kunnskaps-, opplevings- og bruksverdjar vert oppretthalda som grunnlag for formidling, rekreasjon, erfaringar, verdiskaping, tradisjon og historie.

- I fleire høve vil det truleg vera tenleg å samla fleire kulturminne inn i ei omsynssone som viser eit større kulturmiljø. Dette gjer det lettare å gje føresegnar, eller retningslinjer som tek vare på den aktuelle samanhengen til kulturminna.

- Der det er tenleg med differensiering, kan det lagast ulike retningslinjer/føresegnar til omsynssonene etter ei konkret vurdering av arealet og kulturminna som skal vernast innan kvar sone. Differensiering kan ta utgangspunkt i type kulturminne, eller verneverdien til kulturminna.

- Omsynssone d (bandleggingssone H730) skal nyttast på alle kulturminne som er freda etter kulturminnelova. Dette gjeld alle typar freding eller vern etter kulturminnelova. Omsynssona kan gå ut over arealet som er freda etter kulturminnelova, inkludert sikringssone, der dette er vurdert som naudsynt for å sikra verneverdiane.

- Begge omsynssoner c og d kan nyttast om eit kulturminne, eit kulturmiljø, eller eit kulturlandskap dersom det finst element som er freda eller verna etter kulturminnelova. I så fall skal omsynssone c nyttast for eit større område rundt omsynssone d, og for å sikra heilskapen til det freda/verna elementet.

# LITTERATUR

## KOMMUNALE PLANAR

Kvinnherad kommune;  
Melding om kulturminnevernet  
i Kvinnherad kommune,  
Kvinnherad kulturkontor v/Brit  
Hauge, desember 1987.

Kvinnherad kommune og  
Hordaland fylkeskommune,  
Skjotselsplan for automatisk  
freda kulturminne på Halsnøy-  
Fjelbergøy-Borgundøy, 1997.

Planstrategi 2019 – 2023,  
Kvinnherad kommune

Kulturminneplan 2018  
- Drammen, Drammen  
Kommune

Kommunedelplan for kulturarv  
2017-2029, Eid kommune, 2017.

Lokal kulturminneplan,  
strategiplan 2016-19, Høyanger  
kommune.

Kulturminne i Høyanger,  
Historisk bakgrunn til lokal  
kulturminneplan.

## REGIONALE PLANAR OG FØRESEGNAR

Regional kulturplan for  
Hordaland 2015-2025, Vestland  
fylkeskommune

Handlingsprogram 2021,  
Avdeling kultur, idrett  
og inkludering, Vestland  
fylkeskommune.

Vestland, utfordringar for  
fylket og regionane. Hordaland  
fylkeskommune, Sogn og  
Fjordane fylkeskommune,  
2019.

Vestland, folkehelseoversikt  
2019-2023. Hordaland  
fylkeskommune, Sogn og  
Fjordane fylkeskommune,  
2019.

## NASJONALE PLANAR, FØRESEGNAR OG ARTIKLAR

Kommuneplanen sin  
samfunnsdel (2000),  
Kvinnherad kommune

Kommuneplanen sin arealdel  
(2018), Kvinnherad kommune

Kulturminner i kommunen  
Kulturminneplan, Veileder,  
Riksantikvaren, 2013

Nasjonale forventingar  
til regional og kommunal  
planlegging 2019–2023

NOU 2002: Fortid som formar  
framtid – Utfordringar i ein ny  
kulturminnepolitikk

St.meld 26 (2004 –  
2007) Regjeringa sin  
miljøvernpolitikk og rikets  
miljøtilstand

St.meld 16 (2004 – 2005) Leve  
med kulturminner

St.meld 35 (2012 – 2013)  
Framtid med fotfeste

St.meld 16 (2019–2020) Nye  
mål i kulturmiljøpolitikken  
– Engasjement, berekraft og  
mangfald

## LOVER

Lov om planlegging og  
byggesaksbehandling (plan- og  
byggningsloven), Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet,  
2008

Lov om kulturminner  
[kulturminneloven], Klima- og  
miljødepartementet, 1978

Lov om offentlege  
styresmaktens ansvar for  
kulturverksemd (kulturlova),  
Kulturdepartementet, 2007

Lov om jord (jordlova),  
Landbruks- og  
matdepartementet, 1995

## LOKALE HISTORIEBØKER, VEGLEIARAR, PROSJEKT OG ARTIKLAR

Skaalurens Skibsbyggeri A/S;  
Verven og vi, 1855-1980. Norsk  
skjemaførlag, Bergen, 1980.

Wenche Skaaluren; Minneboka  
mi. Rosendal, 2007.

Jørn Øyrehagen Sunde; Bru,  
Ein kulturhistorisk vegvisar til  
Kvinnherad. Uskedalen, 1995.

Jofrid Eik, Janne L. Høgestøl,  
Anette Smaamo og Hege M.  
Tofte; Kulturlandskap og  
kulturminne på Halsnøy i  
Sunnhordland. Oppgave i NSM,  
Høgskulen i Sogn og Fjordane,  
hausten 2004.

Registreringsprosjektet for  
forlegfonna nasjonalpark og  
kulturminnevern i Rosendal;  
Kulrueminnevern og andre  
verne- og brukarinteresser  
i Rosendal, Delrapport 1.  
Anbjørn Høivik, 1999.

Helga Storedale Tjønn;  
Bestikket til jordemoder i det  
ledige Enæs sogn.

Eikenes Gardsmuseum,  
Brosjyre.

Stiftelsen Fjelberg Prestegard,  
Årsberetningar 2017, 2018.

Nettstaden fjelbergprestegard.  
no

Kysten, Utgåve 4 – 2020,  
Artiklar om naust.

Kvinnheringen, 26.11.2007.  
Artikkel: Langhustomta  
rekonstruert.

Kristian Bringedal:  
Informasjon om historie og  
kulturminne i Kvinnherad.

Lars Øyvind Birkenes;  
Fjelberg – Ei reise gjennom  
fortida. Fylkeskonservatoren,  
Vestland fylkeskommune.

Bygdetunet Rød/  
Dønhaugsamlinga, 1984-  
2004. Frå ide til røyndom.  
Kvinnherad kommune/Styret  
for bygdetunet Rød.

Skulemuseum på Haugland.  
Informasjon, oversikt  
over hus, innhald i husa,  
undervisningsopplegg, og  
skulehistorie.

Ospehaugen Plasset på  
Kviteberg i Ølve. Historie og  
bygningar og kulturlandskap.

Ivar Miljeteig; Løo på Berget.  
Ferdigstillingsrapport.

Halsnøybåten, Forhistorisk  
båtfunn, 100-300 e.Kr.  
Halsnøybåten i tekst og bilete.  
Interesseforeningen for  
Halsnøybåten.

Båtbruk og båtbygging i  
Sunnhordland gjennom 200 år.  
Sunnhordland Årbok 2014.

Malmanger Prestegard.  
Kulturminnet, garden tunet og  
landskapet. Rosendalstiftinga  
2010.

Stølar og setrar i Kvinnherad.  
Kvinnherad mållag, 2011.

Olav Eikeland; Eit  
Livbåteventyr ved  
Hardangerfjorden. Om  
Gerhard Skaala og Harding.  
Rosendal, 2011.

Syn for  
slikt

**SYN FOR SLIKT**

Om du har syn for slikt  
skal du finna  
far etter menneske gjennom dalen  
før oss

med blod og mold på hendene  
og augo lyfte mot stjernene  
før oss

Kåre Skaala